



Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
88/11	Plan- og miljøutvalet	11.05.2011
68/11	Formannskapet	12.05.2011

BKK Nett AS, søknad om 300 (420) kraftledning Mongstad-Kollsnes. Svar på NVEs instilling til OED.

Saka går til uttale i plan og miljøutvalet
Saka skal avgjerast endeleg i formannskapet

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune si haldning i denne saka er den same som i tidlegare uttalar i saka, og vi viser til desse uttalanene. Kommunen viser til felles uttale frå dei fire kommunane i saka og sluttar seg til denne. I tillegg til det som kjem fram i fellesuttalen, har Lindås kommune følgjande merknader til NVE si instilling:

1. OED må vurdere instillinga frå NVE i lys av ny kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, og sjå på moglege samordningslausningar med industrivassforsyning og sambindingsveg til Mongstad industriområde, jfr. kommunane sitt alternativ til trasé for kraftlina.
2. Innstilt trasé over Keila og Hope er det verste alternativet for Lindås kommune, og kommunen ber om at ein går vekk frå dette alternativet. Luftspennet vil på det næraste gå 78 meter frå eksisterande busetnad på Mongstad og legge beslag på areal avsett til næringsverksemd i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad.
3. Lindås kommune stiller seg kritisk til NVE si manglande vurdering av samordningsløyisingar og vektlegging av konsekvensar for Lindås kommune av tiltaket. Blant anna vert alternativ 3 rekna som det minst gunstige av dei utgreidde alternativa for luftledning. Lindås kommune ber om at ein går vekk frå dette alternativet, då det er det minst gunstige for kommunen og lokalsamfunnet.
4. Dersom alternativ 3 vert fastheld, vil Lindås kommune be om avbøtande tiltak som beskrive i fagrapportane i konsekvensutgreiinga vert gjennomført. I tillegg vil kommunen krevja:
 - a. Kabling av luftspenn med lågare spenningsnivå i områda som vert berørt av tiltaket. Spesielt viktig er dette over sund og i område med stor verdi for natur og lokalbefolkning. Aktuelle strekningar er Bakkøy-Keila-Hope, Verås-Mjåsundet-Keilsundet og Sirset-Rolevatnet-Skåptjørni-Mongstad.
 - b. Master må ikkje koma nærare sjøen enn 50 m, og ein må unngå silhuettverknad på høgdedrag.
5. Kommunen vil be om at totalbelastninga som lokalbefolkninga på Mongstad vert utsett for, vert sett i lys også av tidlegare utbyggingar og omplassering av busetnad som følgje av desse. Lokalbefolkninga har tidlegare måtte flytte vekk frå Mongstad som følgje av utbygging der.
6. Lindås kommune vil som grunneigar framleis motsetje seg ei løysing med førehandstiltreding og oreigning.
7. Dersom kommunens forslag til traséval med jordkabel skulle verte vedteke, vil Lindås kommune strekke seg langt for å framskynde planlegging og iverksetting av sambindingsveg og industrivassforsyning på Mongstad.

Rådmennen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Uttale i Plan- og miljøutvalet - 11.05.2011

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

Handsaming i Formannskapet - 12.05.2011

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Uttale i Formannskapet - 12.05.2011

Lindås kommune si haldning i denne saka er den same som i tidlegare uttalar i saka, og vi viser til desse uttalane. Kommunen viser til felles uttale frå dei fire kommunane i saka og sluttar seg til denne. I tillegg til det som kjem fram i fellesuttalen, har Lindås kommune følgjande merknader til NVE si instilling:

1. OED må vurdere instillinga frå NVE i lys av ny kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, og sjå på moglege samordningslausingar med industrivassforsyning og sambindingsveg til Mongstad industriområde, jfr. kommunane sitt alternativ til trasé for kraftlina.
2. Innstilt trasé over Keila og Hope er det verste alternativet for Lindås kommune, og kommunen ber om at ein går vekk frå dette alternativet. Luftspennet vil på det næraste gå 78 meter frå eksisterande busetnad på Mongstad og legge beslag på areal avsett til næringsverksemd i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad.
3. Lindås kommune stiller seg kritisk til NVE si manglande vurdering av samordningsløyser og vektlegging av konsekvensar for Lindås kommune av tiltaket. Blant anna vert alternativ 3 rekna som det minst gunstige av dei utgreidde alternativa for luftleidning. Lindås kommune ber om at ein går vekk frå dette alternativet, då det er det minst gunstige for kommunen og lokalsamfunnet.
4. Dersom alternativ 3 vert fastheld, vil Lindås kommune be om avbøtande tiltak som beskrive i fagrapportane i konsekvensutgreiinga vert gjennomført. I tillegg vil kommunen krevja:
 - a. Kabling av luftspenn med lågare spenningsnivå i områda som vert berørt av tiltaket. Spesielt viktig er dette over sund og i område med stor verdi for natur og lokalbefolkning. Aktuelle strekningar er Bakkøy-Keila-Hope, Verås-Mjåsundet-Keilsundet og Sirset-Rolevatnet-Skåptjørni-Mongstad.
 - b. Master må ikkje koma nærare sjøen enn 50 m, og ein må unngå silhuettverknad på høgdedrag.
5. Kommunen vil be om at totalbelastninga som lokalbefolkninga på Mongstad vert utsett for, vert sett i lys også av tidlegare utbyggingar og omplassering av busetnad som følgje av desse. Lokalbefolkninga har tidlegare måtte flytte vekk frå Mongstad som følgje av utbygging der.
6. Lindås kommune vil som grunneigar framleis motsetje seg ei løysing med førehandstiltreding og oreigning.
7. Dersom kommunens forslag til traséval med jordkabel skulle verte vedteke, vil Lindås kommune strekke seg langt for å framskynde planlegging og iverksetting av sambindingsveg og industrivassforsyning på Mongstad.

Saksdokument vedlagt:

OED melding om høyring for 300 kV kraftleidning Mongstad-Kollsnes

NVE kart innstilling til trasé

BKK kart forslag til plassering av ny trafostasjon

Kart over forslag til alternativ trasé med jordkabel

Saksdokument ikkje vedlagt:

NVE - Bakgrunn for innstilling

Saksutgreiing:

BKK har sendt søknad om å få bygge 300 kV (420) kraftline frå Kollsnes til Mongstad. NVE har gitt innstilling til søknaden 31.01.11, og OED skal ta endeleg avgjerd i saka. Kommunane Øygarden, Radøy, Austrheim og Lindås vil som tidlegare i denne saka kome med ein felles uttale, og Lindås kommune vil i tillegg i ein separat uttale kommentere på spesifikke område i kommunen som vert ramma av innstilt trasé nr 3. Saka var sist oppe i plan- og miljøutvalet og formannskapet i februar 2010.

Høyringsfristen for saka var først satt til 13. mai, men det har vorte utsett frist til 20. mai. For å rekke fristen kjem saka opp i plan- og miljøutvalet og formannskapet.

Kommunedelplan for Lindåsneset har sidan førre handsaming av saka vorte vedteken. Innstilt trasé nr 3 for kraftlina vil over Keila gå i LNF-område, vidare gjennom LNF-område på Hope og den søraustlege delen av område avsett til næringsverksemd (N-3). Vidare går den i LNF-område over Hopsvatnet, kryssar Rv 57 til Mongstad og går så vidare forbi busetnad på Hope og opp på Litlåsåsen. Luftleidningen vil gå tett innpå busetnad på Keila (ca 200m) før den kryssar sundet og over til Hope. Luftleidningen vil kome om lag 100 meter frå eksisterande busetnad på Hope. På Hope vil leidningen også gå gjennom område med spesielt omsyn til friluftsliv.

Sidan førre handsaming av saka og BKK sine utgreiingar av trasear, har BKK funne ei ny mogleg plassering av transformatorstasjon for kraftleidningen. Denne er no flytta til område N-2 i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, og vil liggja kloss inntil eksisterande vasstankar på Litlåsåsen og vil ligge på begge sider av kommunegrensa. Om dette alternativet vert vedteke, vil det bety mindre luftleidningstrasé for både Kollsnes-Mongstad og Mongstad-Modalen då omsøkt trasé frå Litlås fjellet og inn til omsøkt transformatorstasjon fell ut. Dette vil og medføre at mindre areal vert bandlagd av luftleidningane.

Etablering av trafostasjon i foreslått område vil krevje forbetring av eksisterande veg for å kunne få fram nødvendig utstyr. I kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er det lagt inn ny sambindingsveg med tunnel frå Hope, gjennom Litlåsåsen og ut på nordsida av Litlåsåsen. Vidare skal samlevegen erstatta eksisterande samleveg mellom Mongstad Sør og Litlås. Denne vegen vil gå tett opptil området BKK har foreslått for ny trafostasjon. Det ligg dermed til rette for at ein kan samordna utbygging av ny samleveg med BKK sitt kraftlineprosjekt.

I tillegg til planlagd nytt vegsystem i KDP Lindåsneset med Mongstad, er det planlagd ny industrivassforsyning til Mongstad. Traseen for denne møter RV 57 om lag der ny planlagd samleveg til Mongstad industriområde tar av frå RV 57. Samordning mellom kraftline, ny industrivassforsyning og ny samleveg til industriområdet på Mongstad burde dermed vere mogleg.

Kommunane kjem i fellesuttalen med forslag om følgjande trasé (sjå også kartvedlegg):

Alt. 1: Sjøkabel går i land ved Mjåsundet, jordkabel vidare nordover til trasé for industrivassføring. Herifrå følgjer den industrivasstraseen til RV 57, og går over i planlagd trase for sambindingsveg for industriområdet på Mongstad. Etter tunnelen på nordsida av Litlåsåsen går den anten som luftleidning eller jordkabel fram til ny mogleg trafostasjon.

Alt. 2: Sjøkabel går i land på Tyttebærneset og går vinkelrett til trasé for industrivassføring. Følgjer så denne vidare fram til same trasé som alternativ 1.

Alt. 3: BKKs alternativ for sjø- og jordkabel via Hopsundet som vart utgreidd men ikkje omsøkt.

Alternativ 1 og 2 vil få lengder på om lag 4700 m og 4050 m om dei vert lagt i planlagde trasear for samleveg og industrivassforsyning. Om ein skulle velje å legge desse i kabel over Litlås fjellet i staden for i tunnelen for samlevegen, vil desse bli om lag 500 meter kortare. Alternativ 1 vil gje om lag 650 meter meir sjøkabel enn alternativ 2, men vil bli om lag 1300 meter kortare i jordkabel. Totalt blir alternativ 1 om lag 650 meter kortare enn alternativ 2.

NVE har innstilt på at det vert gitt løyve til oreigning og førehandstiltreding.

Gjennomgang av NVE si innstilling til trasé nr 3 gjennom Lindås kommune:

NVE si vurdering av verknadene av trasé nr 3 gjennom Lindås kommune vil her bli gjennomgått. Lindås kommune sine kommentarar på vurderingane kjem under "Vurdering" i saksframlegget.

Det er i utgreiinga av trasé 3 (3.1.2) teke med vurderingar omkring visuell verknad for området Keila-Litlås fjellet. Luftspennet over Bakkøysundet vil vere svært eksponert, med master på omkring 30 meter og spennet vil vere 40-50 meter.

Om kryssinga over Keila skriv NVE:

"Videre over det åpne myrområdet vil trasé 3.1.2/3 passere i en avstand av ca. 200 meter til nærmeste bolighus. Ledningen vil her bli svært eksponert, og grunneiere påpeker at traseen vil være et stygt inngrep i et turområde. Konsekvensutredningen vurderer den negative landskapsvirkningen av traseen til middels."

NVE vurderer vidare at kryssinga av Keilesundet vil verte mindre eksponert grunna bratte og skogkledd breddar og at mastene er trekt noko inn frå sundet på kvar side. Den negative verknaden vert vurdert til middels.

Om traseen vidare seier NVE:

"Fra andre mast etter Keilesundet går trasé 3.1.2/3 og 3.1.2a/3a sammen i én trasé videre til Mongstad. Landskapsområdet omtalt som Hope med Hopsvatnet som sentralt innslag i landskapsbildet, har en god del boligbebyggelse ved vatnet. Traseen er planlagt over nordenden av vatnet og videre over riksveien til en mast på jordet og videre opp på høyden til en forankringsmast ved Litlås fjellet. I dette området går det flere mindre ledninger, og den nye vil beslaglegge nytt areal. Ledningen vil bli eksponert mot bebyggelsen, og konsekvensutredningen mener at dette alternativet vil være det minst gunstige av de foreliggende luftledningsalternativene. De negative virkningene vurderes å være middels til store."

Vidare meiner NVE at den siste delen av lina, frå Litlås fjellet og til transformatorstasjonen vil vere eit beskjedent inngrep med tanke på at industriområdet gir meir eksponering mot busetnaden.

NVE beskriv vidare at Lurefjorden, med sunda som er knytt til denne, er viktige trekkleier for sjøfugl. Hopsvatnet som våtmarksområde og trekkorridor som fugl vert trekt og trekt fram. NVE vurderer det som naturleg med avbøtande tiltak for desse områda, og tenker då på merking av fase- og toppliner. Hordaland fylkeskommune vurderer desse områda som viktige friluftsområde.

Ved Mongstad får to hytter leidningens senterline i ein avstand av hhv 45 og 78 meter. To bustader i Mongstadområdet får ein horisontal avstand på hhv 78 og 89 meter.

NVE skriv blant anna om avbøtande tiltak:

" NVE mener at de visuelle ulempene og økte kostnader ved merking i dette området er større enn antatt effekt av eventuell merking for fugl. NVE anbefaler derfor ikke at det settes vilkår om merking for fugl."

NVE summerer opp vurderingane sine med at kraftforbindelsen er eit viktig element i etableringa av ei robust kraftforsyning til Kollsnes og Bergensområdet. NVE kan ikkje pålegge BKK Nett å søke om ei rein kabellausing, av omsynet til likebehandling og gjeldande kablingspolicy. NVE meiner at det i forhold til andre, tilsvarande saker, ikkje fins så sterke miljøomsyn i luftledningstraseane at det kan anbefalast jordkabel. Av same grunn kan ikkje NVE anbefala sjøkabel. Det vert vidare konstatert at vesentleg bruk av kabel kan gjere prosjektet ulønnsamt. Alternativet til omsøkte lausing med ein kombinasjon av sjøkabel og luftledning kan dermed bli at det ikkje vert bygd ei nettforsterking i det heile.

NVEs konklusjon:

" Etter en helhetlig vurdering av omsøkte tiltak finner vi at anlegget er et viktig tiltak for å bedre forsynings sikkerheten til Kollsnes og Bergensregionen, samtidig som vi mener at

virkningene for private og allmenne interesser er akseptable. Som del av en planlagt 300 (420) kV ringforbindelse fra Modalen til Kollsnes vil både Bergen og olje- og gassvirksomheten knyttet til Mongstad og Kollsnes få en robust kraftforsyning. NVE mener at det er funnet en trasé som tar hensyn til det spesielle landskapet i regionen. Terrenget er kupert, men landskapet er likevel åpent, noe som gir utfordringer med å skjule et anlegg av denne størrelsen, i likhet med veier, broer og industrianlegg. Å bygge mastene så lave som mulig og tilpasse traseen og mastepunktene til omgivelsene vil de visuelle virkningene bli så små som mulig. På denne bakgrunn vil NVE anbefale at det gis konsesjon for kraftledningen med tilhørende anlegg etter omsøkt trasé 3.1.2 fra Kollsnes til Kuvågen, omsøkt trasé fra Kuvågen til Mjøs og trasé 3 fra Mjøs til Mongstad.”

Vurdering:

Det er framleis Lindås kommune si haldning i saka at kraftledningen må leggest i Sjø- og jordkabel heile vegen frå Mongstad til Kollsnes. Luftledning kan akseptrast innanfor industriområdet på Mongstad. NVEs innstilte trase er etter kommunens vurdering det verste alternativet for framføring av kraftledningen. Kommunane har difor sett på alternativ med jordkabel til tilrådd trasé 3 i NVE si innstilling og denne vert presentert her og i fellesuttalen. Om OED skulle halde fast ved NVE si innstilling i saka, vil kommunane be om avbøtande tiltak i dei områda luftledningen skal gå.

Kommunen meiner at kraftlina bør sjåast i samanheng med ny kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, og at ein bør sjå på moglegheita for å samordne kraftledningen med industrivassføring til Mongstad og ny sambindingsveg. Kommunen stiller seg positiv til BKK sitt forslag til ny plassering av transformatorstasjon på nordsida av Litlåsåsen. Lindås kommune vil strekke seg langt til å framskynde planlegging og oppstart av ny sambindingsveg dersom dette har verknad på avgjerd om kabling eller ikkje.

Kommunen vil ikkje prioritera nokon av dei føreslåtte alternativa til jordkabeltrasé, men vil understreke at kommunen vil strekke seg langt for å samkjøre planlegging og oppstart av prosjekta med framdrifta for jordkabel.

Lindås kommune undrar seg over at NVE i oppsummeringa av gjennomgangen av verknader av kraftlina ikkje kjem inn på verknadene denne vil få for Lindås kommune. Spesielt med tanke på at trasé 3 vert vurdert som det minst gunstige alternativet visuelt sett for området rundt Hope. Verknadene vert vurdert som middels til store for området. Verknadene for Litlåsåsen vert heller ikkje omtalt i oppsummeringa, og her vil kommunen peike på at arealanalysen for kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad beskriv Litlåsåsen som ein viktig barriere mellom busetnaden og industriområdet på Mongstad.

NVE skriv at dersom dyrare løysingar enn omsøkte trasear vert valt, står prosjektet i fare for å bli ulønsamt og ikkje realisert. Kommunen vil peike på at prosjektet vert vurdert som å vere "svært lønsamt" og er basert på konservative anslag. Risikoen for at prosjektet vert skrinlagt som følgje av dårleg lønsemd og forsyningsikkerheiten vert sett i fare reknar Lindås kommune som liten.

Kommunen ser at NVE vurderer trekkleiene i sunnda rundt Lurefjorden og våtmarksområdet og trekkorridoren for fugl ved Hopsvatnet som sårbare og naturlege område for avbøtande tiltak, mens dei i oppsummeringa vurderer det slik at dei visuelle ulempene og økte kostnadene ved avbøtande tiltak er større enn eventuell effekt av merking for fugl, og difor ikkje tilrår at det skal utførast merking for fugl. Det er Lindås kommune si oppfatning at dersom innstilt trasé 3 blir oppretthaldt, må eventuelle luftspenn merkast med tanke på fugl.

Det er ikkje i NVE si vurdering sagt noko om totalverknader av inngrep i området. Lokalsamfunnet på Mongstad har tidlegare vorte utsett for store inngrep, blant anna i høve bygginga av raffineriet på Mongstad. Kommunen ber om at det vert gjort ei totalvurdering av kva belastning lokalbefolkninga vert utsett for med nok eit inngrep i området. Å behalde området som attraktivt for tilflytting vil vere viktig for den vidare utviklinga av både næringsliv og busetnad i Mongstadområdet. NVE argumenterer med at store næringsområde er satt av i kommunedelplanen og innstiller samtidig på at kraftledningen i all hovudsak skal gå utanom desse områda, og heller i nærleiken av eksisterande busetnad.

NVE har innstilt på at det vert gitt løyve til oreining og førehandstiltreding, noko Lindås kommune held fast på at ikkje blir gitt.

Fellesuttale frå dei 4 kommunane til NVE si innstilling:

SØKNAD OM NY 300 (420) KV KRAFTLEIDNING - MONGSTAD - KOLLSNES- FELLESUTTALE TIL NVE SI INNSTILLING

Vedlegg:

Kommunane sin tilrådde kraftleidningstrasè frå Mongstad til Kollsnes.

Saksutgreiing:

Dette er ein fellesuttale frå kommunane Radøy, Øygarden, Austrheim og Lindås til NVE si innstilling av 31.01 2011 til søknaden frå BKK Nett AS om ny 300 (420) kV leidning mellom Mongstad-Kollsnes. Også søknaden frå Statoil ASA om konsesjon for nye sjøkablar frå Mongstad eller Kollsnes til Troll A-plattformen er med i denne fellesuttalen. Det er positivt at desse to konsesjonssakene skal sjåast i ein samanheng, det er noko kommunane tidlegare har uttalt i fellesuttalane sine. Det er olje- og energidepartementet (OED) som no har sendt innstillinga til NVE ut på høyring. Høyringsfrist er utsett til 20. mai, me viser her til epost frå OED v/Per Håkon Høisveen sendt den 30.03.2011.

Kommunane vil visa til fellesuttale frå 2008 og 2010 i samband med handsaming av konsesjonssøknadane i NVE. Innhald i desse uttalane er framleis kommunane si haldning i saka. I tillegg vil me vise til eigne uttalar som gjeld kvar kommune. I eit ope og sårbart kystlandskap vert eit luftspenn synleg på lang avstand og kan ikkje innvilgast slik innstillinga frå NVE føreligg. Kommunane meiner at NVEs innstilling ikkje har akseptable natur,- miljø- og landskapsmessige konsekvensar. Kommunane er difor positive til at NVE sin delegasjon i desse konsesjonssakene er trekt tilbake og er løfta opp til OED.

Kommunane ynskjer ein dialog med OED for å finne gode løysningar. I denne fellesuttalen her peiker kommunane og på alternative/subsidære trasèeløysningar som i alle høve er betre for natur, miljø, busetjing og næringslivet i regionen enn kva NVEs innstilling til trasè er. Kommunane har hatt samrådsmøte i saka og vil gje følgjande fellesuttale til innstillinga:

Rådmannen sitt framlegg til uttale:

Kommunane har ikkje endra haldninga til prosjektet med omsøkt kraftleidning frå Mongstad til Kollsnes og viser til tidlegare uttaler og fellesuttaler i saka. Kommunane opprettheld difor kravet om kabling i sjø- og jordkabel for nettkapasitet Mongstad-Kollsnes. Kommunane er også opptekne av trygg og tilstykkeleg nettkapasitet, men me held fast på kravet om kabling i sjø- og jordkabel ut frå natur, landskap og busetjinga i regionen. Alternativ 3 ser me på som heilt uaktuelt og som ein uvenleg handling i kommunane våre. Kommunane vil og peika på at meirkostnadane med ein rein sjø- jordkabeløysing på strekninga Mongstad-Kollsnes er små samanlikna med naturverdiane i området og verdiskapinga som skjer i regionen vår.

Når det kjem til bruken av sjøkabel over Lurefjorden m.m. viser me til Rådgivende biologer AS rapport 995 om konsekvensane for marint biologisk mangfald og marine verneplanar. Konsekvensane av nedlegging av sjøkabel vil vera ubetydeleg.

Kommunane ber OED om at BKK Nett AS må søkje konsesjon om ei sjø- og jordkabeløysing på heile traseen frå Mongstad-Kollsnes. Denne kabeløysinga kan gjerne følgja tidlegare utgreiinga kabeltrasè i sjø og jord som ikkje er omsøkt eller i nærleiken av denne, som vist seinare i denne uttalen.

Kommunane meiner at når det gjeld søknaden frå Statoil ASA om konsesjon for nye sjøkablar frå Mongstad eller Kollsnes til Troll A-plattformen så må det gjerast ved sjøkabel enten frå Mongstad eller Kollsnes. Kommunane har forståing for Statoil sitt ynskje om sikring og forsterking av straumforsyninga til Troll A. Dette kabelnettet bør og kunne brukast ved ei eventuell seinare utbygging med vindmøller til havs. Troll A kan verta eit knytepunkt i høve straumforsyning på denne delen av sokkelen og til fastlandet.

På bakgrunn av at søknaden frå Statoil ASA skal sjåast i samanheng med søknaden til BKK om 300 kV kraftline, vil kommunane peike på at dersom Kollsnes vert innstilt som alternativ, vil ein i forhold til alternativet med Mongstad redusere kostnadene med omkring 300 millionar. Kommunane meiner at denne innsparinga opnar for at dei reduserte kostnadane her kan brukast til å få til kabling av heile traseen Mongstad-Kollsnes. Ved å velje Kollsnes som alternativ utløyser ein eit behov for meir stabil kraftforsyning med tanke på den i dag sårbare kraftforsyninga til Øygarden. Kommunane meiner at dette må sjåast i samanheng, og at NVE ved å innstille på Kollsnes som alternativ på same tid utløyser eit meir akutt behov for kraftlina Mongstad-Kollsnes. Statoil ASA har i utgangspunktet lagt til grunn at dei ynskjer alternativet med Mongstad, grunna usikkerhet knytt til når ei kraftline mellom Mongstad og Kollsnes vil stå ferdig. Sidan det er NVE som ved val av Kollsnes utløyser denne "tidsknipa" i forhold til Statoils planlagde oppstartstidspunkt, meiner kommunane ei eventuell innsparing skal komme kommunane til gode gjennom avsetjing av meir midlar til kabling. Slik kommunane ser det, står ingen av prosjekta i fare for å bli ulønsame grunna kabling, då omsøkte kraftline mellom Mongstad og Kollsnes vert omtala som "svært lønsam" av NVE.

Kommunane vil setja fram krav om kompensasjonsmidlar for naturinngrep som kraftleidningen i luftspenn fører med seg.

Kommunane viser og til uttalanane frå ulike lag, mange grunneigarar og andre offentlege instansar som m.a. Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland som deler kommunane sitt syn i denne saka. Dette bør OED leggja vekt på i handsaminga si.

Kommunane si meining til NVE si innstilling i konsesjonssaka

Kommunane Radøy, Øygarden, Austrheim og Lindås synes at NVE har bagatellisert natur-, miljø- og landskapskonsekvensane i si innstilling til traseval. Det er eit dårleg trasealternativ

som er innstilt frå NVE med omsyn til desse viktige interessene og noverande og framtidig busetjing og utvikling av næringslivet i kommunane her.

Kommunane vil understreka at kvaliteten på konsekvensutgreiinga (KU) er mangelfull på fleire fagområde. Samordning og samlokalisering med anna arealbruk har NVE teke for lett. På dette omsøkte tiltaket er det mogeleg å samlokalisera linjetraséen med bygging av ny Fv 565 over Radøy, eller deler av denne (godkjent reguleringsplan 2010), og ei regional vassverktbygging i Nordhordland. Frå Straume kan ein leggja ein kabel langs eksisterande skogsveg til ny fylkesveg 565. Reguleringsplanarbeidet for ny fylkesveg 565 skjedde i eitt nært samarbeid med Statens vegvesen, Region vest og vart handsama etter føreskrift om konsekvensutgreiing av 1. april 2005 (kap.II,§2,d). Det er og mogleg å byggja jordkabel langs industritraséen mellom Kollsnes og Ljøsneset og luftspenn på industriområdet på Mongstad. BKK kunne såleis fått mykje hjelp og fagleg bistand med å samarbeida med andre statlege og kommunale aktørar i dette planarbeidet. Kommunane ber om at OED sett i verk ein ny kraftleidningspolitikk i Noreg som tek arealsamordning og miljøomsyn på alvor slik lovverket og Stortinget har vedteke at slike arealsaker skal handsamast.

Områda som vert direkte råka har fått lågare verdi i KU enn kva kommunane meiner er rett. Dette gjeld både friluftsliv, landbruk, landskap og på det biologiske mangfaldet. Kommunane vil og minna om at forvaltninga i Noreg er forplikta til å følgja FN-konvensjonen om vern av biologisk mangfald, men og Den Europeiske landskapskonvensjonen og Stortinget sine føringar til samordna arealbruk. Noreg har forplikta seg til å stoppa tapet av biologisk mangfald innan 2010. Bruken av luftspenn er i dette tilfellet eit farleg sjansespel med det biologiske mangfaldet som ikkje samsvarar med dei forpliktingar Noreg har gjort nasjonalt og internasjonalt. Konklusjonen vår er at omsøkte tiltak kan vera med å utrydda raudlisteartar i regionen vår. Dette tek NVEs innstilling alt for lett på.

Kommunane synest at alle merknadar/innspel i høyringane frå grunneigarar, lag og offentlege instansar som er handsama av NVE i denne saka i stor grad er sett til sides og langt på veg avvist. Like fullt som at "alle ønskjer kabel" - i dei mange konsesjonssakene NVE mottek, er NVE pålagt å gjera individuelle vurderingar i kvar einskild konsesjonssak. Det er utilfredsstillande å sjå at dette i liten grad er teke omsyn til hjå NVE. NVE har i si innstilling nesten utelukkande lagt vekt på dei økonomisk billegaste løysingane, og det naturvern- og miljømessige er etter kommunane si meining nesten heilt utelate. Dette har for mange sett tilliten til høyringsinstuttet på prøve. Kommunane vonar at OED i handsaminga si rettar opp dette. Det er og interessant å sjå at søkjar sitt alternativ natur- og miljømessig er mykje betre enn NVEs sitt traseval og innstilling i saka.

Kommunane synes difor at det er naudsynt at OED no på eit sjølvstendig grunnlag går grundig gjennom heile søknadsprosessen frå melding vart sendt frå BKK Nett AS i 2006 til innstillinga frå NVE i 2011 vart levert. Kommunane ynskjer ein dialog med OED her for å finne gode løysningar og betre alternativ enn det innstillinga til NVE legg opp til.

Alternativ løysing på trasevalet

Dersom det viser seg at OED ikkje ynskjer å påleggja eller vurdere nærare ei kombinert sjø- og jordkabelløysing så ynskjer kommunane subsidiært at denne traseen som nemnd under vert bygd. I grove trekk er dette alternativ 1 i konsesjonssøknaden til BKK-Nett AS. Alternativ 3 ser me på som heilt uaktuelt og som ein uvenleg handling i kommunane våre. Totalt sett er kommunane interessert i ei løysing som minimaliserer naturinngrepet i regionen vår.

Alternativ traseløysing er:

1. Luftspenn på industriområdet på Mongstad.

2. Jordkabel frå industriområdet på Mongstad til Hopsundet (3 alternativ).
3. Sjøkabel frå Hopsundet, Mjøsundet eller Tyttebærneset til Saltvika ved Straume.
4. Jordkabel frå Straume til Kvalheim. (*avbøtande tiltak subsidært*)
5. Sjøkabel frå Kvalheim og ut Kuvågen til Ljøsneset i Øygarden.
6. Jordkabel i eksisterande industritrasé mellom Kollsnes og Ljøsneset.

Avbøtande tiltak

I tillegg vil kommunane krevja følgjande avbøtande tiltak, dersom OED godkjenner noko anna enn det å få lagt kraftleidningen i jordkabel. Både for fuglelivet, det estetiske, landskapet og for folk som bur her, og som nyttar naturen gjennom heile året, både i yrkes- og rekreasjonsamanheng, vil desse avbøtande tiltaka vera av stor verdi i dei råka områda. Eksisterande luftspenn med lågt spenningsnivå i kommunane må då jordkabløst. Dette vil redusera dei negative konsekvensane av det nye inngrepa samla sett i denne kommunen. Desse tiltaka må gjerast i samband med anleggsarbeidet med den nye 300 (420) kW-linja.

Eksisterande linjestrekk på lågt spenningsnivå som må jord/sjøkabløst er:

1. Straume-Mjøs-Bø-Rikstad
2. Storrindevatnet-Nordanger-Straume-Fosnstraumen (nord)
3. Rikstad-Bø-Haugland-Kvalheim-Håland
4. Håland-Litletveit
5. Rikstad-Villanger-Rossneset
6. Bakkøy-Keila-Hope
7. Verås-Mjøsundet-Keilsundet
8. Sirset-Rolevatnet-Skåptjørni-Mongstad

Toppstreng

Toppstrengen på ny 300 (420) kW kraftleidning må fjernast heilt i kommunane eller eventuelt merkast på ein tydeleg måte slik at fuglar, fly og helikopter ser linja på god avstand. Merking av strengen må gjerast i samband med anleggsarbeidet.

Friluftsliv og landbruk

I Radøy vert store og gode jord- og skogsområde råka hardt av ei stor kraftleidningsgate med dei uheldige sider det har for brukarane. Kompensasjonen er at utbyggjar tek kostnaden med og byggjer skogsveggar og turveggar her som både landbruket og friluftslivet vil ha god nytte av i kommunen. Skogsbilveggar må byggjast på gardane Straume, Mjøs, Bø, Haugland og Kvalheim. Totalt må det byggjast om lag 10 km med skogsbilveggar. Dette må gjerast i samband med anleggsarbeidet.

Næringslivet og reiselivet

Av omsyn til reiselivet og næringslivet i Radøy og regionen, så kablar ein eksisterande skjemmaende luftspenn over Bognøystraumen som sjøkabel. På denne måten kan større skip som i dag vert hindra kunne koma seg til viktige industriområde og andre ressursar i Radfjorden og i Osterfjorden. Dette må gjerast i samband med anleggsarbeidet.

Alle kommunane har i denne fellesuttalen eit eige kapittel/uttale som gjeld deira geografiske område og som alle kommunane står bak. Her kjem desse:

For Austrheim:

Kommunane krev at alternativ 1 med sjøkabel vert vald som kraftlineføring gjennom Austrheim kommune. På industriområde på Mongstad kan det velgast luftspenn. Kommunane synes alternativ 3 og 3.1.2 er totalt ueigna og uakseptabel i Austrheim kommune.

Ulemper ved alternativ 3 og 3.1.2 – luftspenn, gjennom Austrheim.

I oppsummeringa av trasevurderingar frå Mjøs til Mongstad har NVE følgjande grunngjeving for å velje alt 3, -luftspenn framfor alt 1, -sjøkabel over Lurefjorden.

Merkostnaden ved å velge alternativ 1 framfor alternativ 3 på 157 mill kroner må vurderes opp mot de negative virkningene som er beskrevet over. I Øygarden har vi konkludert med at hensynet til landskap, naturmangfold og bebyggelse og alternativ arealutnyttelse, samlet gjorde at kabling med en betydelig merkostnad kan forsvares. Landskapet i Austrheim er også åpent kystlandskap, men mindre enn i Øygarden og med noe mer vegetasjon. Samtidig planlegges kraftledningen på tvers av de langstrakte øyene slik at synligheten av kraftledningen fra et enkelt punkt i landskapet vil være betydelig mindre enn i Øygarden hvor kraftledningen i sin helhet/eller store deler vil synes fra mange punkter. Nord i Øygarden vil en luftledning beslaglegge forholdsvis stor andel areal som kan benyttes til friluftsliv og til utbygging av boliger, forretningsområder, skole og oppvekstsenter. Dette er ikke tilfelle i Austrheim hvor det i større grad er impediment og mindre tilgjengelige områder som berøres av trasé 3. NVE kan ikke se at de samlede negative virkninger av trasé 3 gjennom Austrheim er av et slikt omfang at det kan forsvare å velge et alternativ med kabel med betydelige merkostnader

Til desse vurderingane har kommunen følgjande kommentarar:

NVE

I Øygarden har vi konkludert med at hensynet til landskap, naturmangfold og bebyggelse og alternativ arealutnyttelse, samlet gjorde at kabling med en betydelig merkostnad kan forsvares.

Dette er ei god og rett vurdering av samfunnsmessige tilhøve, som kommunen er samd i må vektleggjast og ivaretakst slik NVE her tilrår.

NVE

Landskapet i Austrheim er også åpent kystlandskap, men mindre enn i Øygarden og med noe mer vegetasjon.

Å vektlegge, positivt til fordel for luftspenn, at det åpne kystlandskapet på denne strekninga er mindre og med noe mer vegetasjon, vert i denne samanhengen vel søkt. Strekninga Mjøs Mongstad er ca 11 km og strekninga NVE samanliknar med i Øygarden er ca 10 km.

Med noe mer vegetasjon - ja i dag, men å nytte dagens vegetasjonsituasjon som pluss-element for å skjule negative effektar av eit anlegg som vert ståande i -menneskeleg perspektiv, - evig, er lite hald i. Skal grunngjevinga ha meining må linjeeigaren (BKK) påleggast å sikre at vegetasjonen vert som no i heile anlegget si levetid, noko som opplagt er heilt urealistisk.

NVE

Samtidig planlegges kraftledningen på tvers av de langstrakte øyene slik at synligheten av kraftledningen fra et enkelt punkt i landskapet vil være betydelig mindre enn i Øygarden hvor kraftledningen i sin helhet/eller store deler vil synes fra mange punkter.

Som NVE, vektlegg òg kommunen, at synlighet av linja er negativt element i det opne kystlandskapet. NVE sin argumentasjon og grunngjeving for at den faktiske synligheten (landskapspåvirkning) likevel ikkje treng tilleggast særleg vekt på denne strekninga er kommunen djupt ueinig i.

NVE

Nord i Øygarden vil en luftledning beslaglegge forholdsvis stor andel areal som kan benyttes til friluftsliv og til utbygging av boliger, forretningsområder, skole og oppvekstsenter. Dette er ikke tilfelle i Austrheim hvor det i større grad er impediment og mindre tilgjengelige områder som berøres av trasé 3.

For Øygarden føretekk NVE her den lokale samfunnsmessige vurderinga som kommunane har etterlyst for alle områda langs traseen. Men å konkludere med at denne type synspunkt ikkje er aktuelle i Austrheim fordi det i større grad er impediment og mindre tilgjengelige områder verkar vel lettvinnt og tyder på manglande forståing for og kunnskap om det området lina går gjennom.

Kommunen har i tidlegare uttale peika på at området rundt industrien på Mongstad er viktige å behalde og ikkje som utviklingsområde for ny busetnad og næring. Området sin verdi og potensiale i ein slik samanhengen burde vore synleggjort og vektlagt i konsekvensutgreiinga, det er ikkje gjort i tilstrekkeleg grad.

Konsekvensutgreiinga vurderar konsekvensane innafor det tidsperspektivet går fram av gjeldande kommuneplanar dvs fram til 2017-2020. Det kan vere godt nok for område der ein ikkje ønskjer, eller ikkje ser føre seg anna arealbruk i anlegget si levetid. Men her er opererer ein i eit område som framover, - etter kommunen sitt syn både er ønskjeleg å viktig å utvikle attraktive og gode lokalsamfunn. Lokalsamfunn som i sin tur vil framstå som plussselement og konkurransefortrinn for den nasjonale industrisatsinga på Mongstad og Kollsnes. Områda lina går gjennom har alle føresetnader for å kunne nyttast positivt i ein slik samanheng, men det krev at området vert planlagt med det som utgangspunkt. Berre då har ein eit grunnlag for å få til det samspelet som må vere mellom busetnad, lokal næringsutvikling, friluftsliv, vern av natur og biologisk mangfald og andre aktivitetar i eit godt lokalmiljø.

Konsekvensutgreiinga viser eintydig at luftspennet alt i dag vil ha store negative verkander for noverande busetnad- og areal/brukssituasjon. Så store at utbyggjar òg får år luftspenn og meiner at alternativet med sjøkabel bør veljast for den delen av lina som går forbi Austrheim og Keilen.

Luftspenn tvers gjennom området er eit fysisk stort og dominerande anlegg som framtidige arealplanar og utbyggingsløyseringar må ta omsyn til. Dei negative konsekvensane av luftspennet vil utan tvil svekke området sitt potensiale og verdi i arbeidet med å skape gode og attraktive nærområde til den industri- og samfunnsutviklinga som kraftlina skal vere med å leggje grunnlag for.

Kommunen kan difor ikkje akseptere luftspenn på denne strekninga.

Avbøtande tiltak i Austrheim

For alternativ med sjøkabel som går utanom Austrheim vert det ikkje behov for spesielle avbøtande tiltak i Austrheim.

Dersom OED likevel finn å følgje NVE vil Austrheim kommune kreve at eksisterande luftstrek med lågare spenningsnivå vert lagt i jord- eller sjøkabel..

Dette gjeld konkret følgjande strekningar: (vert lista opp)

Toppstreng.

Same som Radøy.

Friluftsliv/landbruk Austrheim.

Området er lina skal leggjast gjennom er i dag viktig for landbruk, busetnad og friluftsliv. For å bøte på ulemper ved luftspenn set kommunen krav om at utbyggjar tek kostnader med opparbeiding av landbruks- og turvegar som heilt eller delvis kan kombinerast med anleggstiltak i området Dette må gjerast ved at utbyggjar får krav om:

- Å gjere sine konkrete planar for omfang og gjennomføring av fysiske anlegg, kjent for grunneigar og kommune så tidleg i prosessen, at grunneigar/kommune kan vurdere, planleggje og formelt godkjenne, eigne tiltak som skogsvegar og turvegar som kan opparbeidast kombinasjon med utbyggjar sine behov for anleggsvegar og framtidige tilkomstar til og langs leidningstraseen.
- Denne del av planprosessen fram til formelt vedtak skal styrast av kommune/grunneigar i tett samarbeid med utbyggjar.
- Utbyggjar må påleggjast å ta i bruk løysingar kommunen/grunneigar føreslær, samt ta alle kostnader med planlegging og opparbeiding av vedtekne anlegg.

Luftline langs Litlåsfjellet frå Lindås grense til transformatorstasjon på Mongstad.

Kommunen vil krevje at planlagt luftline på denne strekninga vert lagt aust for litlåsfjellet og så langt ned i terrenget at den ikkje kjem i silhuett, sett frå busetnaden vest for høgdedraget.

Kommunen er kjent med at BKK vurderer anna plassering av transformatorstasjonen gjennom skisser som er oversendt på e-post den 29.4. I framlegget inngår 3 alternativ der alternativ 2 er halde fram som det beste.

Framlegget vert oppfatta slik flytting av transformatorstasjonen gjer at 420 KV linjene frå hhv Modalen og frå Kollsnes, mellom Lindås grense og noverande transformatorstasjon i Austrheim, kan fjernast. Samstundes som trnasformatorstasjonen både i alt 2 og 3, er plassert utanfor innsynsområdet i høve til ny og planlagt busetnad. Kommunen er positive til at stasjonen vert flytta til dette området og er samd i at alternativ 2 synes å vere den beste løysinga. Dette alternativet legg beslag på liten del av industriarealet samstundes som stasjonen er godt skjerma for innsyn. Alternativ 1 med plassering nær toppen av åsen må ikkje veljast grunna omsyn til landskap og innsyn.

Eksisterande 132 KV line som skal behaldast, må ikkje flyttast opp i planlagt trase for linja frå Kollsnes/Modalen, men følgje eksisterande trase, eller leggjast i kabel i ny anleggsveg.

Ny veg/anleggsveg fram til trafostasjonen må følgje og byggjast ut som del av av den regulerte sambindingsvegen mellom industriområda Mongstad sør og Litlås.

For Lindås:

Kommunane krev at alternativ 1 med sjø- og jordkabel vert vald som kraftlineføring gjennom Lindås kommune. Alternativ 1.1, 1.2 og 1.3 er uakseptable som luftspenn. Jordkabel frå Hopsundet, Mjåsundet eller Tyttebærneset til industriområdet ved Mongstad er naudsynt her.

Ny kommunedeplan for Lindåsneset med Mongstad er sidan sist vedteke, og kommunane ber om at val av trasé vert sett i samanheng med denne.

Jordkabel kan samordnast med ny industrivassleidning og ny samleveg til Mongstad industriområde. På denne måten kan også problem knytt til eigarskap kring leidningstrasé i høve framtidig utbygging også løysast, slik at risikoen for BKK å måtte flytte leidningen i høve anna utbygging i framtida vert redusert. Vedlagt kartskisse viser alternative trasear for

jordkabel, der ein samordnar jordkabel saman med annan komande infrastruktur i området. Luftspenn på industriområdet på Mongstad kan akseptertast.

BKK har sidan traseane vart utgreidd kome opp med ei alternativ plassering for transformatorstasjonen på Mongstad. Denne er no flytta til område N-2 i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, vil liggja kloss inntil eksisterande vasstankar på Litlåsåsen og vil liggje på begge sider av kommunegrensa. Om dette alternativet vert omsøkt, vil det bety mindre luftleidningstrasé for både Kollsnes-Mongstad og Mongstad-Modalen då omsøkt trasé frå Litlås fjellet og inn til omsøkt transformatorstasjon fell ut. Dette vil og medføre at mindre areal vert bandlagd av luftleidningane.

Alternativa for trasé i uprioritert rekkefølge:

Alt. 1: Sjøkabel går i land ved Mjåsundet, jordkabel vidare nordover til trasé for industrivassføring. Herifrå følgjer den industrivassstraseen til RV 57, og går over i planlagd trase for samleveg for industriområdet på Mongstad. Etter tunnelen på nordsida av Litlåsåsen går den anten som luftleidning eller jordkabel fram til ny mogleg trafostasjon.

Alt. 2: Sjøkabel går i land på Tyttebærneset og går vinkelrett til trasé for industrivassføring. Følgjer så denne vidare fram til same trasé som alternativ 1.

Alt. 3: BKKs alternativ for sjø- og jordkabel via Hopsundet som vart utgreidd men ikkje omsøkt.

Alternativ 1 og 2 vil få lengder på om lag 4700 m og 4050 m om dei vert lagt i planlagde trasear for samleveg og industrivassforsyning. Om ein skulle velje å legge desse i kabel over fjellet i staden for i tunnelen for samlevegen, vil desse bli om lag 500 meter kortare. Alternativ 2 vil gje om lag 650 meter meir sjøkabel enn alternativ 1, men vil bli om lag 1300 meter kortare i jordkabel. Totalt blir alternativ 2 om lag 650 meter kortare enn alternativ 1.

Kommunane vil peike på viktigheita av at Litlåsåsen vert beholdt mest mogleg urørt, då denne er ein viktig estetisk barriere mellom industriaktiviteten på Mongstadorrådet på nordsida og busetnad og naturverdiar på sørsida, og er synleg på lange avstandar. Eit 300 kV luftspenn over Litlåsåsen vil i stor grad vere med på å fjerne denne barrieren mellom industri og busetnad.

Etablering av trafostasjon i foreslått område vil krevje forbetring av eksisterande veg for å kunne få fram nødvendig utstyr. I kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er det lagt inn ny samleveg med tunnel frå Hope, gjennom Litlåsåsen og ut på nordsida av Litlåsåsen. Denne vegen vil gå tett opptil området BKK har foreslått for ny trafostasjon. Det ligg dermed til rette for at ein kan samordna utbygging av ny samleveg med BKK sitt kraftlineprosjekt.

Avbøtande tiltak er nemnd i tidlegare uttalar frå Lindås, dersom andre løysingar enn kabling vert vedteke. Det gjeld blant anna kabling av andre eksisterande luftspenn på lågare spenningsnivå. Spesielt gjeld dette sunda rundt Keila og Risasjøen, då desse er tillagt stor verdi i arealanalysen som er utført i forbindelse med kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Dersom innstilt trasé vert opprettheldt vil det også vere viktig for kommunen at traseen vert lagt til område avsett til næring så langt det lar seg gjere.

For Radøy:

Avbøtande tiltak som nemnd over vil verta ei viktig sak, dersom NVE sitt traseforslag eller noko som liknar dette vert vedteke av OED i Radøy kommune. Kommunane vil peike på at det er særleg viktig å unngå kraftleidning i Radøy ved gardane Mjøs og Straume og over den fiske- og kulturminnerrike Fønstraumen (Saltstraumen i miniatyr).

Kommunane krev og at ny ilandføring på Vågenes med jordkabel langs den lokale bygdevegen ved Vågenes vert avslått, og at ilandføring vert som sjøkabel i Kuvågen som i opprinneleg søknad frå BKK Nett AS. Radøy kommune påpeikar svak sakshandsaming frå BKK Nett AS og NVE for denne endringa, og er kritiske til at opprinneleg ilandføring som sjøkabel i Kuvågen vert trekt.

Grunneigarane/innbyggjarane i området ynskjer sjøkabelen lagt i Kuvågen framfor å få den i og i nærleiken av deira daglege opphald- og leikeområde, som ein kabel i lokalvegen medfører her. I Kuvågen-området må søkjar BKK aktivt saman med grunneigarane vera med i det påbegynte reguleringsplanarbeidet for å få til eit godt samarbeid med sjøkabelløysing her. Radøy kommune vil vera ein positiv instans med å få planlagt/godkjent raskt ein sjøkabel her i omsøkte endring av eksisterande reguleringsplan. Kommunane ber derfor OED å avvise ilandføring på Vågenes, og opprettheld ilandføring i Kuvågen.

Radøy kommune vil setja fram krav om kompensasjonsmidlar for naturinngrep som kraftleidninga fører med seg.

For Øygarden:

Kommunestyret sitt vedtak, av 18.06.2008 sak 033/08 er framleis Øygarden Kommune si haldning i saka. Kommunane ynskjer ei løysing med jordkabel i eksisterande industritrasé mellom Kollsnes og Ljøsneset. Det vert og vist til vedtak 006/10 i Planutvalet i høve uttale på BKK sin søknad om auka spenning på linja. NVE har tilrådd at ein i Øygarden gjev konsesjon til trasé 3.1.2 som går frå Kollsnes og vidare nordaust til Krossneset. Øygarden kommune har i tidlegare uttaler halde fast på at ein jordkabel i industritraséen mellom Kollsnes og Ljøsneset er den beste løysinga i kommunen.

Ulemper ved val av alternativ 3.1.2 i Øygarden

Første del av 3.1.2 går gjennom området mellom Kollsnesanlegget og Kvernepollen. Dette arealet er regulert til industri. Reguleringsplanen for Kollsnes er på omlag 3500 dekar. Årsaka til at det vart regulert så store areal var forventninga om etablering av anna industri med nær tilgang til gass. Statoil arbeider no med ein ny reguleringsplan for heile Kollsnesområdet. Ein vurderer å ta bort industriområda mellom gassanlegget og Kvernepollen fordi ein ikkje ser behovet for desse områda i overkommeleg framtid. Områda er i dag nytta til beite for sau og ungdyr av storfe og framstår som eit beitepåverka lyngheilandskap. Argument frå NVE om at trasé 3.1.2 her likevel går gjennom eit industriområde kan difor ikkje tilleggjast stor vekt.

I tilrådinga frå NVE heiter det:

" I Nærings- og energidepartementets klageavgjørelse av 28.1.1994 om 300 kV-ledningen Fana–Kollsnes står det at Øygarden utgjør et unikt kulturlandskap med små, meget smale øyer, og at en luftledning ville gi svært store visuelle virkninger og legge urimelig beslag på betydelige deler av kommunens potensielle utbyggingsareal. NVE kan ikke se at

departementenes karakteristik av områdene lenger sør i Øygarden kan gjøres gjeldende for nærområdene til Kollsnesanlegget og følgelig alternativene 1 og 3.1.2".

Øygarden kommune vil imøtegå NVE sitt argument om at departementet sin karakteristik av landskapet i kommunen ikkje vert gjeldande for 3.1.2 og meiner tidlegare avgjersle må leggjast til grunn for heile alternativ 3.1.2.

Nordover frå veg til Breivik mot Krossneset går linja i eit urørt landskap der og Nordsjøløypa er planlagt. Dette kystlandskapet er viktig for Hubro, og ei ny linje vil kunne auke fare for skade på denne raudlista fuglearten. Krossneset, der overgang mellom luftspenn og sjøkabel er planlagt, er mykje brukt til friluftsliv.

Fordelar ved val av alternativ 1 i Øygarden

Ein nyttar eksisterande industritrasé, med kraftlinjer og gassrør. Øygarden kommune er 66 km², der 13% av arealet er regulert til industri. Det er viktig at ein hushalderer areal rett og ikkje tar i bruk urørte områder når ein har betre alternativ.

Alternativ 1 er kortare og har lågare konfliktnivå. BKK prioriterer denne traséen framfor dei andre omsøkte. Dette er truleg eit alternativ som folk lettare vil kunne akseptera.

Alternative løysing på traseval i Øygarden

Dersom det ikkje lar seg gjere å finne ei løysing i traseval 1 mellom Kollsnes og Ljøsneset, vil Øygarden kommune peike på nokre alternative traseval nordover. Bakgrunnen for dette er at traseval 3.1.2 har dei største negative konsekvensane ved framføring i forholdsvis urørt utmark nord aust for Oen, og ikkje minst ved Kossneset som er mykje nytta til friluftsliv.

Alternativa i uprioritert rekkefølge:

Alt. 1: Sjøkabel inn Søre Straumesundet og landfall i Båtevika. Luftspenn sørover dal, over Røyrvatnet vidare sørover mot Kvernepollen og sørvest til inntaksstasjon Kollsnes.

Alt. 2: Sjøkabel inn Søre Straumesundet og landfall i Ytre Båtevika. Luftspenn sørover dal heilt til Kvernepollen og vidare sørvestover til inntaksstasjon Kollsnes

Alt 3: Sjøkabel inn Søre Straumesundet og landfall i Ytre Båtevika. Luftspenn sørover dal til ein møte trase tilrådd av NVE. Vidare til inntaksstasjon Kollsnes i trase tilrådd av NVE.

Alle desse alternativa vil følgje terreng betre enn 3.1.2, då alt terreng i området hovudsakleg går i retning nord/sør. Alternativ 1 har nok høgast konfliktpotensiale av desse forslaga, med nærføring til bustader og hytter, medan alternativ 3 vil vere den som avvik minst frå NVE si tilråding. Alternativa vil ha omlag 1,2 km kortare luftstrekk enn 3.1.2 heilt til Krossneset, medan sjøkabel vert omlag 1,5 km lenger. Samanlikna med søndre trase mellom Kollsnes og Ljøsneset vil luftspennet vera nokre hundre meter lenger, medan sjøkabel vert omlag 1,5 km kortare.

Dersom ein etter synfaring og diskusjonar **ikkje** finn ei løysing som medfører bruk av trase mellom Kollsnes og Ljøsneset, vil Øygarden kommune at ein ser på alternative løysingar for trase 3.1.2. Dette for å unngå framføring av luftspenn gjennom urørt utmark der ein har føreslege trase for Nordsjøløypa - og landfall i Krossneset, som er nytta til friluftsliv.

I så høve ber Øygarden kommune OED pålegge BKK å utgreie alternativa nemnt over.

Tidlegare handsamingar i saka:

300 kV (420kV) kraftleidning Mongstad – Kollsnes Uttale til tilleggsutgreiingar og endringssøknad

Saksdokument vedlagt:

Høyringsbrev frå NVE, 14.12.09

Svar på tilleggsutgreiingar, BKK, 30.11.09

Endringssøknad, BKK, 30.11.09

Visualiseringar over område i Lindås

Utsnitt av kart

Saksdokument ikkje vedlagt:

Delrapportar tilleggsutgreiingar

Vedlegg til endringssøknad

Saksutgreiing:

BKK har sendt søknad om konsesjon til å byggje 300 kV kraftleidning frå Mongstad til Kollsnes.

Denne vart sendt på høyring av NVE 09.04.08. Kommunane Øygarden, Radøy, Austrheim og Lindås sendte då ein felles uttale til søknaden med konsekvensutgreiing, der det vart sett krav om at kraftleidningen vert lagt i kabel, i tillegg til dette gav Lindås ein separat uttale om tilhøve i eigen kommune. Plan- og miljøutvalet, formannskapet og kommunestyret hadde saka sist oppe i juni 2008.

NVE sette krav om tilleggsutgreiingar 15.06.09. BKK har gått gjennom desse krava og svart på dette. Vidare er det gjort endringar i søknaden når det gjeld driftsspenning og trasear, og det vert på nytt søkt om oreigning og førehandstiltreding. Tilleggsutgreiingane og endringssøknaden er no på høyring. Som sist har kommunane utarbeidd ein felles uttale, i tillegg til dette kjem uttalen som gjeld endringar av tilhøve i Lindås. Høyringsfristen var i utgangspunktet sett til 1.februar 2010, det er gitt utsett frist til 1.mars. For å rekke fristen kjem saka opp i plan- og miljøutvalet og formannskapet 24. og 25. februar 2010.

Sidan sist kommunen hadde saka oppe, har Lindås kommune utarbeidd forslag til kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, denne er på høyring fram til 20.mars 2010. Fleire av endringane i søknaden til BKK er i område med foreslått ny arealbruk i kommunedelplanen.

Tidlegare handsamingar i saka:

Handsaming i plan- og miljøutvalet, formannskapet og kommunestyret juni 2008:

300 kV kraftleidning Mongstad-Kollsnes

Uttale til konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing

Saksdokument vedlagt:

Brev frå NVE, 09.04.08

Brosjyre frå BKK om konsesjonssøknad

Utsnitt av kart

Saksdokument ikkje vedlagt:

Søknad og konsekvensutgreiing, BKK

Saksutgreiing:

Saka går til uttale i plan- og miljøutvalet, formannskapet og kommunestyret.

Lindås kommune har tidlegare uttalt seg til BKK si melding om kraftleidningen (formannskapet sak 87/06, 31.08.06, kommunestyret sak 85/06, 21.09.06). Formannskapet og kommunestyret har i sak 4/08, 17.01.08 gjort vedtak om kommunen sitt vidare arbeid med saka. Under følgjer tidlegare saksutgreiingar.

Handsaming av melding i formannskap og kommunestyre hausten 2006:

Ny kraftlinje Kollnes - Mongstad - høyring.

Saksdokument vedlagt:

Utsnitt av plankart.

Saksdokument ikkje vedlagt:

Melding med forslag til utredningsprogram

Saksutgreiing:

Saka skal avgjerdast endeleg i formannskapet

NVE har sendt forslag frå BKK om melding med forslag til utgreiingsprogram av ein 300 kV leidning mellom Kollnes i Øygarden til Mongstad. Meldinga har lagt ute til høyring m.a. på Rådhuset og frist for å koma med merknader er 1.september 2006.

I Lindås er det lagt opp til at linja skal gå i alternativ 1 i lufillinje frå Mongstad/Litlås fjellet med to alternative trasear fram til Tytebærneset nord for Risa, herifrå går linja i sjøkabel mot Radøy, eller i alternativ 2 i jordkabel frå Litlås fjellet over Hopegarden og ned til Hopssundet og i sjøkabel vidare mot Radøy. Desse utgreiingane vil så gje grunnlag for søknad om konsesjon. Konsesjonsøknaden vert sendt til uttale lokalt før avgjerd.

Vurdering:

Det er gardane Hope, Hellestveit og Risa som vert direkte berørt av kraftlinja. Meldinga gjev eit godt oversyn over dei inngrep og behov for utgreiingar dei ulike alternative fører med seg. For Alternativ 2 jordkabel over Hopegarden vil det vera aktuelt å få avklart om anlegget kan samordnast med avløpsanlegg for Hopegarden, eventuelt om det er alternative trasear lokalt.

Vurdering av miljøkonsekvensar:

Lufillinje etter alternativa 1.1 og 1.2 vil gripa sterkt inn i bumiljø og landskapsromma.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune er stort sett nøgd med forslaget til utgreiing av verknadene av dei ulike alternativa. Alternativ 2 er det alternativ som synest gripa minst inn i bu- og landskapsmiljø, Lindås kommune ynskjer å koma i innspel med BKK for å finna moegelege fellesføringseffektar mellom alternativ 2 jordkabel over Hopegarden og ynskjeleg avløpsanlegg her.

Handsaming i Formannskapet - 31.08.2006

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Innstilling i Formannskapet - 31.08.2006

Lindås kommune er stort sett nøgd med forslaget til utgreiing av verknadene av dei ulike alternativa. Alternativ 2 er det alternativ som synest gripa minst inn i bu- og landskapsmiljø, Lindås kommune ynskjer å koma i innspel med BKK for å finna moegelege fellesføringseffektar mellom alternativ 2 jordkabel over Hopegarden og ynskjeleg avløpsanlegg her.

Handsaming i Kommunestyret - 21.09.2006

Ordfører opplyser at saka vart endeleg avgjort i formannskapet og skulle ikkje vore på sakslista.

Vedtak i Kommunestyret - 21.09.2006

Saka vart endeleg avgjort i formannskapet

Handsaming i formannskap og kommunestyre 17.01.08:

Ny 300 Kv krafteleidning Mongstad- Kolsnes. Kommunane sitt vidare arbeid med saka.

Saksdokument vedlagt:

Skriv med vedlegg frå Radøy kommune v/ordførar dagsett 18.12.2007.

Saksdokument ikkje vedlagt:

Dokument i saka elles.

Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret.

Radøy kommunestyre har fatta vedtak om strategi for det vidare arbeid i høve søknaden om framføring av krafllinje mellom Mongstad og Kolsnes og oppmodar dei 3 andre berørte kommunane til snarast råd å fatta liknande vedtak.

Vurdering:

Kommunane har sams interesse av å få til løysingar med jordkabel.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

- 1) Lindås kommune går saman med Austrheim, Radøy og Øygarden kommunar om å arbeida for ei løysing som inneber at krafllina vert lagt i kabel. Den primære politiske framgangsmåten vil vera å fremja ei klagesak. Men også andre løysingar vil kunna verta aktuelle.*
- 2) Kommunane inntek lik haldning om at konsesjonssøknad i saka uansett skal handsamast etter Plan- og bygningslova.*
- 3) Formannskapet v/ordførar har det politiske eigarskapet til saka. Ein ser føre seg at ein knyter til seg kompetanse med kjennskap til saka. Det kan også vera aktuelt a søkja juridisk bistand og å kjøpa konsulenttenester. Det er ein sjølvstøtt føresetnad at det heile vegen vert gitt fullgod informasjon om prosjektet, inkl. kostnadsutvikling til kommunane, slik at ein sikrar god samhandling og prosess i prosjektet. Det vert sett av kr 250 000,- til arbeidet. Radøy forskotterer summen, som vert delt solidarisk mellom dei fire aktuelle kommunane. Det vert også arbeidd med å finna ekstern finansiering til prosjektarbeidet.*
- 4) Lindås kommune finansierer sin del av utgiftene med midlar frå disposisjonsfond.*

Handsaming i Formannskapet - 17.01.2008

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 17.01.2008

- 1) Lindås kommune går saman med Austrheim, Radøy og Øygarden kommunar om å arbeida for ei løysing som inneber at krafllina vert lagt i kabel. Den primære politiske framgangsmåten vil vera å fremja ei klagesak. Men også andre løysingar vil kunna verta aktuelle.*
- 2) Kommunane inntek lik haldning om at konsesjonssøknad i saka uansett skal handsamast etter Plan- og bygningslova.*
- 3) Formannskapet v/ordførar har det politiske eigarskapet til saka. Ein ser føre seg at ein knyter til seg kompetanse med kjennskap til saka. Det kan også vera aktuelt a søkja juridisk bistand og å kjøpa konsulenttenester. Det er ein sjølvstøtt føresetnad at det heile vegen vert gitt fullgod informasjon om prosjektet, inkl. kostnadsutvikling til kommunane, slik at ein sikrar god samhandling og prosess i prosjektet. Det vert sett av kr 250 000,- til arbeidet. Radøy forskotterer summen, som vert delt solidarisk mellom dei fire aktuelle kommunane. Det vert også arbeidd med å finna ekstern finansiering til prosjektarbeidet.*
- 4) Lindås kommune finansierer sin del av utgiftene med midlar frå disposisjonsfond.*

Handsaming i Kommunestyret - 17.01.2008

Innstillinga i formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 17.01.2008

- 1) Lindås kommune går saman med Austrheim, Radøy og Øygarden kommunar om å arbeida for ei løysing som inneber at krafllina vert lagt i kabel. Den primære politiske framgangsmåten vil vera å fremja ei klagesak. Men også andre løysingar vil kunna verta aktuelle.
- 2) Kommunane inntek lik haldning om at konsesjonssøknad i saka uansett skal handsamast etter Plan- og bygningslova.
- 3) Kommunestyret v/ordførar har det politiske eigarskapet til saka. Ein ser føre seg at ein knyter til seg kompetanse med kjennskap til saka. Det kan også vera aktuelt å søkja juridisk bistand og å kjøpa konsulenttenester. Det er ein sjølvstøtt føresetnad at det heile vegen vert gitt fullgod informasjon om prosjektet, inkl. kostnadsutvikling til kommunane, slik at ein sikrar god samhandling og prosess i prosjektet. Det vert sett av kr 250 000,- til arbeidet. Radøy forskotterer summen, som vert delt solidarisk mellom dei fire aktuelle kommunane. Det vert også arbeidd med å finna ekstern finansiering til prosjektarbeidet.
- 4) Lindås kommune finansierer sin del av utgiftene med midlar frå disposisjonsfond.

Etter at tiltaket vart meldt og framlegget til utgreiingsprogram hadde vore på høyring, vart det fastsett eit utgreiingsprogram av NVE. BKK har så utgreidd dei alternativa som var meldt, og har søkt om konsesjon for tre av dei. Alternativet med jord- og sjøkabel var meldt og utgreidd, men vart ikkje konsesjonssøkt.

BKK søker Lindås kommune om dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanens arealdel og frå kravet om reguleringsplan. Dei viser til at energilova i varetek dei same offentlege planomsyn som plan- og bygningslova.

Prosess

Lindås kommune samarbeider med dei tre andre kommunane som vert råka, jamfør vedtak i kommunestyret 17.01.08. Kommunane arbeider for at krafleiddningen vert lagt i kabel heile vegen. Det er utarbeidd ein felles uttale som tek føre seg momenta som er felles for dei fire kommunane, medan den andre delen av uttalen tek føre seg det som gjeld spesielt for Lindås.

Lindås kommune hadde møte med grunneigarane som vert råka 8.mai 2008. NVE arrangerte møte med kommunane og folkemøte den 14.mai. Det var stor oppslutning på møta, og kravet frå både folket og politikarane er at krafleiddningen må leggjast i kabel.

Traseane i Lindås kommune

Det er søkt om tre alternative trasear i prioritert rekkjefølgje. Det sørlege alternativet er prioritert først, det inneheld mest sjøkabel. I Lindås kjem dette alternativet på land på Tyttebærneset. Vidare er det to alternativ (1.1 og 1.2) som går nokså parallelt til Mølefjellet. BKK har ikkje prioritert mellom dei to alternativa. Dei forklarar at det er sett opp to alternativ her på bakgrunn av innspel i eit tidlegare folkemøte. Det vestlegaste alternativet kjem nær busetnaden på Hope, medan det austlegaste viser seg i følgje BKK å ha noko meir negative konsekvensar for miljøet.

Frå Tyttebærneset følgjer det sørlege alternativet strandsona eit stykke, før det kryssar myr- og lyngområdet sør for Utgjerdet. Alternativ 1.1 kryssar rv 57 på same plass som eksisterande 132 kV leidning som kjem sørfrå, og går parallelt med denne vidare til Mongstad. Alternativ 1.2 kryssar riksvegen noko lenger sør, og går parallelt med eksisterande 132 kV frå Mølefjellet.

Det midtre alternativet har andre prioritet, i Lindås kommune fell denne traseen saman med det nordre alternativet. Desse alternativa har langt meir luftspenn og det nordre alternativet vil krysse indre farleia med luftspenn. For å oppnå seglingshøgde vil dei høgaste mastene vere opp til 60 m.

Det midtre og nordre alternativet går saman frå Bakka i Austrheim og over Keilo i Lindås. Vidare kryssast Keilesundet og myra nord for Utgjerdet. Alternativet kryssar rv 57 mellom bebyggelsen på Hope og Litlås, går vidare til Litlås fjellet der det fell saman med det sørlege alternativet fram til Mongstad.

Høyring av søknad og konsekvensutgreiing

NVE ber høyringspartane om innspel til følgjande:

- Er konsekvensane tilstrekkeleg utgreidde?
- Kva meiner vi om det omsøkte prosjektet?
- Forslag til justeringar av planane for å redusere eventuelle negative verknader av prosjektet.

Konsekvensutgreiinga (KU) skal i størst mogleg grad basere seg på eksisterande kunnskap og skal ta føre seg dei opplysningane som er beslutningsrelevante for saka. Det er utarbeidd fagrapportartar på tema landskap,

landbruk, friluftsliv, marint biologisk mangfald og marine verneplanar, kulturminne og kulturmiljø, biologisk mangfald (naturtypar, flora, vegetasjon, fugl og anna fauna).

Vurdering:

NY 300KV KRAFTLEIDNING - MONGSTAD - KOLLSNES - MERKNAD TIL SØKNAD OG KONSEKVENsutGREIINGA-FELLESUTTAL

Radøy, Lindås, Austrheim og Øygarden kommune, heretter kalla kommunane, har ein fellesdel i uttale til høyring:

Felles krav om at heile trasèen vert lagt som jord- og sjøkabel

BKK-Nett har søkt NVE om konsesjon til å byggje ein 300 kV kraftleidning frå Mongstad til Kollsnes. Konsekvensutgreiinga (KU) ligg ved søknaden. Kommunane støttar gass- og oljeindustrien si trong for energi og grunngevinga i søknaden om energibehovet i Bergensregionen. Kommunane har heile tida støtta bygging av energiverk(a) på Mongstad, men me har frå starten av kravd som motyting at framføringa av energien skal skje i kabel.

På grunnlag av dette kan ikkje kommunane støtta landdelen av konsesjonssøknaden vedkomande luftspenn, me held fast på vårt krav om kabling. Kvar kommune vil utdjupe eigne ståstader og merknader til trasear i sine separate høyringsuttalar. Me ser det som einaste og beste løysing både samfunnsøkonomisk og miljømessig at heile kraftlinetraseen Mongstad-Kollsnes vert lagt som jord-/sjøkabel. Kommunane meiner at luftspenn her vil ha store negative konsekvensar for både busetjing, miljø, naturkvalitetar, næring, reiseliv, estetikk og friluftsiinteresser.

Sjølv om me altså ikkje støttar landdelen av konsesjonssøknaden, og i det følgjande kjem med merknader me ber NVE vurdera rundt den, nemner me følgjande: Konsesjonssøknaden omfattar 3 ulike traseval og søkjar BKK-Nett har prioritert nr. 1. Denne traseen går i sjø som sjøkabel der det er naturleg, men som luftspenn om lag 12 km. Av dei tre alternativa som er omsøkt, er det alternativ 1 som isolert sett er det beste landskaps- og miljømessig, og som vil ha minst uheldige konsekvensar av dei tre alternativa. Men me vil peike på, og få fram nokre viktige moment til søknaden og i KU som manglar, og elles konkretisera kva som er norsk arealforvaltning sin overordna politikk.

Kommunane arbeidar saman for at kraftleidningen skal koma i kabel saman med eksisterande og planlagt infrastruktur som veg, vassforsyning, avlaup m.m. NVE viser heile tida til stortingsproposisjon 19 (2000-2001) som er gjeldande politikk for kraftleidningar. I ei tidlegare sak vart det etter klage avgjort av nærings- og energidepartementet i januar 1994 bestemt at 300 kV Fana – Kollsnes skulle leggest i kabel gjennom Øygarden grunna omsynet til det heilt spesielle kyst- og lyngheilandskapet. Etter at vedtaket om kabling i 1994 og stortingsproposisjon 19 (2000-2001) er det skjedd ei vidare utvikling av korleis samfunnet skal ta omsyn til landskapet i si planlegging. I 2001 ratifiserte Noreg Den europeiske landskapskonvensjonen. Det betyr at Noreg har forplikta seg til å følgje konvensjonen mellom anna i høve sektorpolitikk og lokal medverknad. Eit viktig mål i konvensjonen er å styrke lokalsamfunna sin medverknad i planlegging, vern og forvaltning av landskap. Eit unisont krav om kabling av omsynet til kystlandskapet kan difor ikkje oversjåast i denne saka.

Samordna arealplanlegging

Riksrevisjonen sitt dokument nr. 3:11 (2006-2007) om "Bærekraftig arealplanlegging og arealdisponering" konkluderer at staten ikkje når målet sitt om ei bærekraftig arealplanlegging og arealdisponering. Det betyr at Stortinget sine mål om bærekraftig arealdisponering ikkje vert nådd eller sett i verk. Dagens arealforvaltning bidreg såleis ofte til unødvendig nedbygging av område og av verdiar som me skal ta vare på. Dette skjer gjerne på grunn av manglande samarbeid mellom statlege/halvoffentlege aktørar og private instansar. BKK har uttalt at dei på generelt grunnlag er positive til å samle tekniske inngrep i naturen. No kan staten gjennom Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) vise det i praksis. På denne måten kan NVE følgje opp nasjonale målsetjingar som er at sektorovergripande planlegging skal vera den nasjonale arealpolitikken og praksis framover.

Målet om ei berekraftig utvikling

St. meld. nr. 26 (2006-2007) om "Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand" omhandlar også dette feltet på ein klar og tydeleg måte. Målet om ei berekraftig utvikling skal vera eit overordna mål i norsk arealforvaltning. Areal er ein avgrensa ressurs og arealbruken og arealforvaltninga skal vera langsiktig og ha eit overordna omsyn.

Samfunnsøkonomiske rekneskap

Kommunane har heile tida vist klar vilje til ei samlokalisering av kraftleidningane med anna infrastruktur i regionen, og meiner at det er praktisk mogeleg og samfunnsøkonomisk lønsamt og fornuftig. I søknaden til BKK-Nett er samlokalisering av arealbruken ikkje skikkeleg utgreidd eller rekna på samfunnsøkonomisk. Dei samfunnsøkonomiske kostnadane i høve natur, landskap, miljø, friluftsliv, reiseliv, næringsliv, elektromagnetisk stråling og framtidig arealbruk på grunn av fragmentering av landskapet er ikkje tatt med i KU. Kommunane forventar at KU skal visa dei totale samfunnskostnadane, inkludert samfunnsøkonomisk analyse/vekting av tap av naturverdiar.

Kommunane vil peika på at når det gjeld samordning med eksisterande og planlagd framtidig infrastruktur/arealbruk så har BKK-Nett ikkje teke omsyn til det i det samfunnsøkonomiske rekneskapet i KU. BKK har søkt konsesjon om å byggje gasskraftverk på Mongstad. Dette gasskraftverket er ikkje teke med i den samfunnsøkonomiske nytteverdien av kraftleidningen. NVE må krevja at BKK-Nett utgreier dei samfunnsøkonomiske sidene. Kommunane meiner difor at utgreiingsplikta ikkje er oppfylt for total samfunnsmessig nytte og kostnad.

Biologisk mangfald

Dei miljømessige konsekvensane for m.a. fuglelivet er ikkje skikkeleg greidd ut i KU. Det at ein til dømes finn hekkande hubro og hønehauk og andre raudlistartar i områda der omsøkte trasé er lagt, kjem lite fram i utgreiingane. Kraftleidningar tek livet av mange fuglar gjennom året. Dette gjeld både sjeldne trekkfuglar og meir stasjonære raudlista fugleartar. KU sin hovudkonklusjon at trasé 1 er den minst øydeleggande for fuglelivet er me samde om, men me veit og gjennom eigne kartleggingar at også dette alternativet vil vera svært alvorleg for

ei rekke raudlista fugleartar, og dermed for det biologiske mangfaldet i regionen vår. Konklusjonen vår er at omsøkte tiltak kan vera med å utrydda raudlisteartar i regionen vår.

KU har ikkje følgt opp det Direktoratet for Naturforvaltning (DN) skreiv i sin merknad til meldinga: "Det er behov for ein grundigare kartlegging av fugl. Det trengs spesifikk informasjon om kva artar som bruker områda langs traséen og korleis fuglane bruker dei." Miljøverndepartementet støtter DN sitt syn her. Vår konklusjon er at det må gjerast ein betre KU når det gjeld kartlegging/feltregistreringar gjennom heile året av fuglelivet, og kva konsekvensar omsøkte tiltak vil ha for det biologiske mangfaldet vårt. Me vil peike på tre konkrete område som KU har manglar på:

- 1. KU har mange stadar feilaktig verdsett område til C-område (lokalt viktig) som skulle hatt A-område (svært viktig) eller B-område (viktig).*
- 2. Viktige korridorar for trekkfugl vert direkte berørt av alle omsøkte tiltak.*
- 3. Mange nye funn våren 2008 av raudlista hekkande fugleartar som KU ikkje viser.*

Landskap

Det store reiselivsprosjektet i Nordhordland "Den Indre Farleia" som innan 2025 skal verta eit nasjonalt og internasjonalt reiselivsmål er ikkje omtala her. Kommunane har vedteke eigne intensjonsavtalar for å ivarteta "Den indre Farleia" og kystlandskapet vårt. Me er samde i at landskapsrapporten sin hovudkonklusjon om at alternativ 3 er mest konfliktfylt, men konklusjonen vår er at KU ikkje fangar opp dei store samla konsekvensane på landskapet i regionen som ei utbygging av krafllinjer som omsøkt vil gje. Kommunane ber om ei betre samanstilling av konsekvensane for landskapet i heile regionen.

Friluftsliv og landbruk

Kommunane våre er rekreasjonsområde for heile Bergensregionen og området sin friluftsverdi tilsvarar Nordmarka omkring Oslo. Det er mange tusen som kvart år går turar eller nyttar båt i dei områda som omsøkte krafleiddning vil koma i. Å byggja krafleiddningar over slike verdifulle og samanhengande friluftsliv- og landbruksområde vil i stor grad redusera områda sin buverdi, attraktivitet og rekreasjonskvalitet framover. Det er store areal som vert bandlagte her. Områda som vert direkte råka har fått lågare verdi i KU enn kva kommunane meiner er rett. KU får ikkje skikkeleg fram konsekvensane krafleiddningane over Nordhordland har for jordbruket, skogbruket og friluftslivet, og anna næring som kan koma frå utmarka og gardsturisme. Konsekvensutgreiinga er såleis mangelfull på landbruk og friluftssida og meir registreringar må til.

Arealbruken må handsamast etter Plan- og bygningslova.

Kommunane vil understreka at ein vil krevje reguleringsplan for planlagt krafleiddning for Mongstad – Kollsnes. Gjennom ein reguleringsplanprosess kan ein få til løysingar/prosessar som er i tråd med god forvaltningsskikk, men og dagens Plan- og bygningslov sin intensjon om god folkeleg medverknad og samordning med anna arealbruk. Alle terrenginngrep som følgjer av omsøkte tiltak vil då få juridisk bindande kart og føresegner. I gjeldande kommuneplan er areala i dei omsøkte traséane i hovudsak sett av til landbruk-, natur og friluftsområde (LNF). Førhandstiltreding må ikkje gjevast.

Konklusjon

Dei berørte kommunane ber om at NVE ikkje gjev konsesjon til landdelen av BKK sin søknad om å byggja krafleiddningar over det sårbare og låge kystlandskapet vårt. Søknaden til BKK har ikkje følgt opp viktige prinsipp i ei moderne arealforvaltning. Stortinget sine mange styrande dokument som omhandlar samordning av arealbruk og ei bærekraftig utvikling er det ikkje teke omsyn til. Ei samlokalisering med andre eksisterande og planlagte arealinngrep i regionen vil heller ikkje føre til presedens for andre krafleiddningsaker. Vi forventar at NVE gjer ei konkret vurdering av kabelalternativet i god tråd med Stortinget sin overordna arealpolitikk og Den europeiske landskapskonvensjonen.

UTTALE Lindås kommune

Samordna arealplanlegging

I gjeldande kommuneplan er areala i dei omsøkte traséane i hovudsak sett av til landbruk-, natur og friluftsområde (LNF). Mongstad-området er i sterk utvikling. Kommunen prioriterer høgt å følgje opp utviklinga med oppdaterte arealplanar, og gjeldande kommunedelplan for Mongstad skal rullerast med oppstart av arbeidet hausten 2008. Planavgrensinga for denne planen vil truleg verte mykje utvida og gå så langt sør som til Lauvås – Kårdal – Risa.

Luftspenn beslaglegg eit belte på minimum 400 m bredde i høve anna arealbruk. Det vil vere svært vanskeleg å leggje bustad- eller næringsområde nærare krafllina enn 200 m både av omsyn til helserisiko og visuell dominans. Lindås kommune kan ikkje akseptere at eit så stor areal vert beslaglagt i eit område som er i sterk utvikling og har stor alternativ verdi. Etersom området i gjeldande kommuneplan stort sett er LNF, vert dette ikkje synleggjort. Kommunen bed om at NVE held seg oppdatert i kommande rullering av kommunedelplan Mongstad, og legg eventuell ny arealbruk til grunn i sakshandsaminga.

Det er trong for betre forsyning av både industrivatn og drikkevatn til Mongstad. Det vert for tida arbeidd med ei utgreiing av ulike traséar for dette. Lindås kommune bed om at krafleiddning og ny vassforsyning vert sett i samanheng. Vi reknar med at det går noko tid før NVE skal handsame konsesjonssøknaden, og NVE bør difor hente inn oppdaterte opplysningar om dette prosjektet frå Lindås kommune og leggje desse til grunn i sakshandsaminga.

I samband med Mongstad industriområde er det alt mange tekniske inngrep, dette er ei stor belastning for lokalsamfunnet. Kommunen er oppteken av å minimere dei totale negative konsekvensane og det er då

nødvendig å vurdere alle tiltaka i samanheng. Dette er også i samsvar med nasjonale mål om samordna arealplanlegging. Kraftleidningen og dei omsøkte traseane er vurderte isolert sett. Lindås kommune meiner NVE har eit ansvar for at alle tekniske inngrep vert sett i samanheng og at totalbelastninga for lokalsamfunnet vert tillagt vekt i konsesjonsspørsmålet. På denne bakgrunnen er det kommunen si vurdering at BKK må påleggjast å utgreie dette temaet nærare.

Konsekvensar for biologisk mangfald

Kartlegginga av naturtypar og biologisk mangfald som tidlegare er utført i Lindås kommune er mangelfull. Eksisterande kunnskap om temaet er difor ikkje tilstrekkeleg for bruk i KU. Det har komme fram opplysningar som kan tilseie at naturtypen mellom Tyttebærneset og Hope er gitt for lav verdi i eksisterande materiale, mellom anna av omsyn til fugleartar som hekkar og nyttar området. På denne bakgrunnen krev Lindås kommune tileggsutgreiingar for tema biologisk mangfald på begge dei omsøkte traseane.

Konsekvensar for landskap

Lindås kommune er som ein av fire kommunar i Hordaland med i eit nasjonalt pilotprosjekt om implementering av den europeiske landskapskonvensjonen i kommunal arealplanlegging. Kommunen arbeider no med kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden der berekraftig forvaltning av landskapet er ein av dei viktige problemstillingane. Lindåsosane og Lurefjorden er unike område i nasjonal samanheng, og Lindås kommune føler eit særleg ansvar for å ta vare på dette området. Lurefjorden med Risasjøen nord til Tyttebærneset er med i planområdet til kommunedelplanen, i vurderinga av kraftleidningen må det takast omsyn til dei dokumenterte landskapsverdiane i området og forvaltninga av desse gjennom kommunedelplanen.

Det verkar svært urimeleg at medan kommunen er sitt ansvar bevisst når det gjeld implementering av landskapskonvensjonen, opplever vi at dette omsynet vert sett til side i gjeldande politikk for kraftleidningar.

Landskapet ved Risasjøen er gitt stor verdi i KU, området i dag er utan tekniske inngrep, og slike urørte område har stor verdi i kontrast til det elles utbygde Mongstadorrådet. Det sørlege alternativet går parallelt med strandsona ved Risasjøen, og vil verte svært dominerande sett frå sjøen. Området er mykje brukt av lokalfolk og tilreisande grunna godt fiske.

Tyttebærneset er i dag skogkledd, dersom skogen vert fjerna i framtida vil masta som er plassert på det høgaste punktet verte svært eksponert. Lindås kommune er svært kritisk til denne delen av det sørlege alternativet.

Traseane i Lindås

Lindås kommune stiller seg bak kommunane si felles vurdering av at dei nordlege og midtre alternativa har størst negative konsekvensar totalt sett. Likevel må vi peike på at i ei totalvurdering av konsekvensane vil både det nordre/midtre og det sørlege alternativet med sine to trasear, vere svært negative for Lindås kommune.

BKK har ikkje prioritert mellom dei to sørlege alternativa 1.1. og 1.2., med grunngjeving i alt det ikkje er særlege tekniske eller kostnadmessige skilnader mellom dei to. Alternativ 1.1. kjem nær busetnad i tillegg til å ha negative konsekvensar for natur og miljø, og 1.2. har endå større negative konsekvensar for landskap og naturverdi. Som tidlegare nemnt er dette område gitt for lav verdi på naturtype og Lindås kommune bed om tilleggsutgreiing for biologisk mangfald.

Vi viser elles til felles uttale frå kommunane.

Avbøtande tiltak

Det beste alternativet er å leggje kraftleidningen i kabel heile vegen. Når det gjeld avbøtande tiltak for dei omsøkte alternativa stiller vi oss bak forslaga til avbøtande tiltak i fagrapportane i KU. I tillegg vil vi be om følgjande:

- Kabling av luftspenn med lågare spenningsnivå, det vil kunne redusere dei negative konsekvensane av inngrepa samla sett. Særleg viktig er det med kabling over sund og i området med stor naturverdi. Dette må gjennomførast på strekningane:
 - o Bakkøy – Keilo – Hope
 - o Verås – Mjåsundet – Keilsundet
 - o Sirset – Rolevatnet – Skåptjørni – MongstadKommunen kan komme med meir detaljert informasjon vedrørande kabling av eksisterande luftspenn.
- Ingen master må komme nærare sjøen enn 50 m, samtidig må ein unngå silhuettverknad på høgdedrag.

Avbøtande tiltak må kostnadsreknast og vere med i den samfunnsøkonomiske vurderinga av dei ulike alternativa.

Handsaming etter plan- og bygningslova

BKK søker Lindås kommune om dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanens arealdel og frå kravet om reguleringsplan. Plan- og bygningslova er meir detaljert i handsaminga av arealbruken enn konsesjonshandsaminga etter energilova. Dette gjeld både grad av offentleg medverknad og fastsetting av arealbruk med kart og føresegner. I tillegg er det kommunen som har mynde for dette lovverket og kan i større grad sjå dette tiltaket i samanheng med anna arealbruk. Omsyna som kommuneplanens arealdel skal i vareta vert ikkje godt nok handsama gjennom energilova, og kommunen konkluderer med at det ikkje ligg føre særleg grunn til å gje dispensasjon, jf plan- og bygningslova §7.

Førehandstiltreding

Lindås kommune vil som grunneigar motsetje seg ei løysing med førehandstiltreding og oreigning.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune krev at 300kV kraftleidning frå Mongstad til Kollsnes vert lagt i kabel heile vegen. Kommunen viser til felles uttale frå dei fire kommunane og sluttar seg til denne. I tillegg til det som kjem fram i fellesuttalen har Lindås kommune følgjande merknader.

1. NVE må halde seg oppdatert på eventuell endra arealbruk i Mongstadorrådet i samband med rullering av kommunedelplan Mongstad og ny vassforsyning, og ta aktuell arealbruk her med i vurderinga av konsesjonssøknaden.
2. Totalbelastninga for lokalsamfunnet av kraftleidningen saman med alle andre tekniske inngrep i Mongstadorrådet må utgreiast nærare og leggast til grunn i konsesjonshandsaminga.
3. Konsekvensane for biologisk mangfald er ikkje tilstrekkeleg utgreidd for begge traseane i Lindås kommune. Kommunen krev tilleggsutgreiing for dette temaet.
4. Lindås kommune føler seg særleg forplikta til å ta omsyn til landskapet i området Risasjøen – Lureffjorden, og viser til det nasjonale pilotprosjektet Landskap i kommunal planlegging. Kommunen forventar at NVE tek del i det statlege ansvaret om oppfølging av den europeiske landskapskonvensjonen.
5. Det vert ikkje gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og krav om reguleringsplan.
6. Lindås kommune vil som grunneigar motsetje seg ei løysing med førehandstiltreding og oreigning.

Ny 300kV kraftleidning - Mongstad - Kollsnes - Merknad til tilleggsutgreiing og endringssøknad - FELLESENTTALE

Øygarden, Radøy, Austrheim og Lindås, heretter kalla kommunane, har ein fellesdel til høyringsuttale:

Felles krav at heile traseen vert lagt som sjøkabel

Kommunane vil starta med å slå fast at tilleggsutgreiingane og endringssøknaden ikkje endrar på kommunane sine opphavlege synspunkt. Me opprettheld altså kravet om ny nettkapasitet Mongstad - Kollsnes skal kablast heile vegen. Endring av traseval på enkelte strekningar har ikkje endra haldninga til prosjektet med kraftleidning Mongstad - Kollsnes. Kvar kommune vil til desse endringane utdjupa eigne ståstader og merknader til trasear i sine separate høyringsuttalar.


I denne fellesuttalen vil me spesielt peika på følgjande:

1. Presisering av kabelalternativ.
2. Behovet for ny nettkapasitet.
3. Variablar i reknestykka til BKK.
4. Krav om anleggsbidrag.
5. Klima, naturmangfaldslova og biologisk mangfald.
6. Knowhow innan kabelteknologi.

Statnett har konkludert at i BKK-området er den forventa forbruksauken i første omgang knytt til auka aktivitet til det elektrifiserte Troll-feltet og tilhøyrande landanlegg (sjå tabell på side 2 om prognose for forbruksutvikling i BKK-området som viser dette, kjelde BKK). Ynskje om å oppfylle Kyoto-avtalen vil framover pressa fram ein ytterlegare elektrifisering av andre nærliggande felt i havet. Det at eit auka kraftbehov for olje- og gassektoren skal føra til at denne kraftlinja skal handsamast som ei vanleg kraftleidningssak/konsesjonsak, og i tillegg føra til auka nettleige for vanlege forbrukarar i regionen som ikkje treng meir kraft i vårt område, meiner me er uakseptabelt. Slike linjer og søknadar må handsamast på same måte som straumkabelen frå gasskraftverket på Mongstad til Gjøa-feltet, dvs.

som anleggskonsesjon innafør eit anlegg/industri sektor som i hovudsak både leverer og bruker straumen dei sjølv produserer. Difor meiner me at det burde vore Statoil som skulle søkt om konsesjon til denne kraftlinja her, på same måte som Statoil fekk konsesjon frå NVE den 21.12. 2007 til sjøkabel frå Mongstad til Gjølå-feltet med tilhøyrande anlegg på land. På begge stader er det gasskraftverket på Mongstad som utløyser trongen for å få bygd ut nytt linjenett.

Forbruksutvikling i BKK-området



Figuren over viser historisk utvikling og prognose for forbruk og produksjon i BKK-området. Den viser årlig eller dagens produksjonskapasitet, som i et normalt år er rundt 5500 GWh. Underdelingen i området er for årlig. Det er olje- og gasskraftverkene som står for den største delen.

BKK-Nett AS har i sin endringsøknad søkt NVE om konsesjon til bygging av kraftledning med tilhøyrande anlegg for 420 kV spenning, dette for å førebu ei framtidig omlegging til 420 kV. Kommunane ser at dette endrar saka på mange måtar. Økonomien vert til det betre for heile prosjektet og me ser det difor som naturleg at linja går i sjøkabel om lag heile strekket. Bakgrunnen for dette er at lange strekk på denne traseen uansett må i sjøkabel, meirkostnaden med å kabla heile strekket vert difor minimal. I tillegg er det heller ikkje naudsynt å ha avtapping av straum langs den planlagde linja. Med å leggja ein sjøkabel heile vegen i sjø unngår ein også fordyrande og skjemmaende omkoplingar til luftspenn og jordkablur fleire stadar. I dag har kabelskip ledig kapasitet og prisen på kopar er relativ rimeleg. Det å gå for ein sjøkabel her er og eit miljøgrep som gjer at arbeidet kan starta snart, ein unngår då forsinkande prosessar for å få eit tenleg nettkapasitet på plass mellom Mongstad og Kollsnes. Dette er alle tent med, både petroleumsindustrien og straumprodusentane på Vestlandet. Me registrerer at oppgraderinga til 420 kV er ledd i ein nasjonal plan for hovudnettet. Kommunane ber likevel NVE konsekvensutgreia dette nærare med omsyn til strålingsfare m.m., og me viser til krav om dette frå kommunar på Sunnmøre i samband med Fardal-Ørskog-linja.

1. Prioritering av Kabelalternativ:

I møta med NVE under synfaringa den 27. oktober 2009, var det ein debatt om kva kabelalternativ kommunane ønskjer. Me vil difor presisera følgjande: Kommunane ønskjer primært sjøkabel heile

vegen, då me har ei oppfatning av det totalt sett er best miljøløysing og mest rasjonelt, både tids- og kostnadmessig.

Kommunane si haldning til jordkabel er at dette er kravet der BKK/NVE vurderer luftspenn over land. Ei løysing med jordkabel er difor vårt subsidiære kabelkrav, sjølv om me ser positive effektar av samlokalisering med veg, vatn og gangveg der dette er mogleg. Me ser at ei samkøyring av fleire ulike instansar kan gjera jordkabelalternativet utfordrande å løyse. Det same gjeld jordkabel i eigen trase i høve prosessen med grunnavståing m.m. Elles tillèt me oss å kommentera logisk brist hjå BKK Nett, som ved fleire høve avviser kabling, pga risiko og kostnad ved brot/skade. Mongstad - Kollsnes skal uansett vera som sjøkabel største delen av strekninga. Me ser ingen grunn til at brot/skade skal oppstå på den strekninga me krev i sjø eller jord, framfor på den strekninga BKK sjølv søker om.

1.2. Sjøkabelalternativet må utgreiast og søkjast om.

Kommunane opprettheld altså kravet om at sjøkabelalternativet på heile traseen frå Mongstad til Kollsnes vert utgreidd og søkt om før NVE tek stilling til denne søknaden frå BKK. Fram til dette skjer, må søknaden til BKK avvisast i det heile. Me vil og peika på at sjøkabelen kan følgja same trase som gassrøyret mellom Kollsnes til gasskraftverket på Mongstad. Det er gode data på sjøbotn her og gassrøytraseen er ferdig planert og godkjent av offentlege instansar som t.d. Kystverket som gav konsesjon til denne. Det å leggja gassrøyr og straumkabel i sjø i same trase vert gjort andre stadar utan at det er noko problem drifts- og vedlikehaldsmessig m.m.

1.3. Gjøa og straumkabel i sjø frå Mongstad

Gjøa vert Statoil sin første flytande plattform som får straum frå land. Ein kraftkabel på om lag 100 km frå det nye gasskraftverket på Mongstad skal forsyna plattformen med elektrisitet. NVE har her gjeve anleggskonsesjon for forsyning av straum med sjøkabel til Gjøa-feltet frå gasskraftverket på Mongstad. Sjøkabelen frå Mongstad til Gjøa-feltet er minst 23 km lengre enn kva ein sjøkabel frå Lutelandet ville verta. Her fekk det lengste sjøkabelalternativet anleggskonsesjon. Dette til tross for at fleire rapportar fekk fram at det var best samfunnsmessig med tilsvarande sjøkabel frå Lutelandet i Sogn- og Fjordane.

Elektrifisering av installasjonar på sokkelen er eit av dei viktigaste tiltaka for å redusera CO₂-utsleppa frå norsk olje- og gassproduksjon. Gjennom elektrifiseringa av Troll A-plattformen og Kollsnes prøver Statoil å få redusert utslepp av nitrogenoksider (NO_x) og klimagassen CO₂. Kommunane vil peika på sjøkabelen med straum som går frå Mongstad til Gjøa kan samanliknast med den som skal gå til olje- og gassindustrien på Kollsnes/Troll. Det bør og vera mogeleg på deler av strekket å samarbeide om denne kabeltraseen ut frå Mongstad mot Gjøa og så med arm til Kollsnes. Uansett vil ein sjøkabel mellom Mongstad og Kollsnes føra til at ein kan overføra store mengder med straum på Vestlandet innan relativ kort tid. Dette vil føra til at straumprodusentar unngår tap av inntekter fordi dette prosjektet kan realiserast i løpet av få år. Kommunane er positiv til at ein ved ei slik løysing kan trygge nettkapasiteten i området på ein god miljø- og landskapsmessig måte.

2. Behovet for ny nettkapasitet Mongstad-Kollsnes.

Kommunane er opptekne av trygg og tilstrekkeleg nettkapasitet. Me har heile tida understreka støtte til dette, og seinast i høyringsmøtet med NVE 27. 10.2009 understreka me dette. Difor er vårt eine krav om kabling heile vegen viktig for at tidsfaktoren vert teken alvorleg. Kommunane har støtta behovet for ny nettkapasitet. Likevel registrerer me den pågåande debatten om behovet for auka nettkapasitet. Me ber difor NVE kvalitetssikra behovet for ny nettkapasitet på grunnlag av at BKK har trekt søknad om gasskraftverk på Mongstad, og opp mot vurdering av at både Gjøa-feltet o.a. energibrukarar på kontinentalsokkelen kan elektrifiserast med sjøkabel direkte frå Mongstad.

3. Variablar i reknestykka frå BKK.

Kommunane registrerer at BKK heile tida endrar både reknestykka og faktorar i reknestykka for lønsemdivurderinga av prosjektet. Me finn det vanskeleg at reknestykka i den opphavlege søknaden (okt. 2008), endringsøknad (feb. 2009) og endringsøknad 30.11 2009 inneheld så mange ulike faktorar, der også variablane endrar seg så mykje.

Kommunane vil difor merkja følgjande:

Investerings- og vedlikehaldskostnaden vert dekkja av straumkundane til BKK Nett AS, monopolbedrifta i BKK a/s. Selskapet får tilbake heile dette utlegget gjennom nettleiga, og det er difor å sjå på som ei "forskottering" i BKK sitt reknestykke. Slik me ser det, så skal dette med frådrag ut av reknestykket for renter for BKK sin del. Desse pengane får selskapet uansett tilbake, og det er forbrukarane som betaler. Dermed vert resten av reknestykket rein inntekt for BKK uansett. Det er BKK si konkurransebaserte drift og Statoil, Dong, Gassco o.a. som har bedriftsøkonomisk gevinst av auka nettkapasitet. Den vanlege forbrukar har alt i dag tilstrekkeleg tilgang på elektrisk energi, og vert ikkje påverka her.

Kommunane ber om ei grundigare vurdering av den nye faktoren i reknestykket "ikke realisert ny produksjon" opp mot kapasitetsauken ved å oppgradera frå 300 kV til 420 kV. Slik me ser det må kapasitetsauken på 40% nettlast tilleggast verdi i reknestykket. Dette vil framgå både som ein bedriftsøkonomisk og ein samfunnsøkonomisk vinst. Me meiner at BKK si tilleggsutgreiing er for svak på dette punktet (s. 2- og 3) og at lønsemda er større enn vist.

4. Krav om anleggsbidrag:

Kommunane er kjende med at NVE etter lova ikkje kan krevja anleggsbidrag for prosjektet. Likevel kan næringslivsaktørar o.a. frivillig yta anleggsbidrag/støtte til prosjektet. Prosjektet er "trigga" av olje – og gassnæringa her vest, som gjer prosjektet viktig i nasjonal samanheng, så avhengige som Norge er av aktivitetane i Nordsjøen og på Kollsnes og Mongstad. Dette er igjen medverkande til at folket i Nordhordland meiner at prisen for denne verdiskapinga også må omfatta avbøtande tiltak for det lokalsamfunna betalar i form av beslaglegging av natur, ulykker som t.d. Bravo, Server, Sløvåg m.m. Lokalsamfunna her ute oppfattar det som rett og rimeleg at næringslivsaktørane som krev auka nettkapasitet til seg sjølv viser lokalsamfunna respekt og går saman om å betala for kabling heile traseen. Den auka nettkapasiteten er lønsam for næringsliv og nasjon. Betal for den sjølv, og påfør ikkje lokalsamfunna ein høg pris er den folkelege konklusjonen.

I konsesjonssøknaden BKK sende for å byggja sitt eige gasskraftverk på Mongstad (som dei no har trekt), dokumenterer BKK at heile den framtidige etterspørselsveksten i BKK-området kjem frå olje- og gassverksemda. Det kan difor argumenterast tungt for kravet om anleggsbidrag frå næringslivet på Mongstad – Kollsnes og i Nordsjøen. Kommunane ber NVE ta initiativ overfor næringsaktørane om å betala anleggsbidraget for kabling eller vurderer om det er andre enn BKK som byggjer ut nettkapasiteten for eigen rekning.

5. Klima, naturmangfaldlova og tap av biologisk mangfald

Me fastheld kravet om kabling ut frå klima- og naturmangfaldsomsyn. Ved å kabla, kan ein raskt elektrifisera sokkelen med i hovudsak rein, fornybar energi. Dermed vil Noreg raskt starta arbeidet med å innfri klimatiltaaka, som er målsett, og der Storting og Regjering har ambisiøse mål. Kommunane ser ingen gode grunnar til å utsetja desse tiltaka i 3 – 4 år gjennom å krangla med lokalbefolkninga her ute om eit uønskt luftspenn. Det same gjeld omsynet til å ivareta biologisk mangfald, her viser me også til grundig uttale i den førre uttalen vår.

5.1. Naturmangfaldlova vart vedtatt i 2009

Naturmangfaldlova skal innebera ein ny epoke i norsk naturforvaltning. Når natur er trua har styresmaktene ei plikt til å vurdere og gjennomføra tiltak. Lova gir reglar om berekraftig bruk og vern

av naturen. Det betyr at Norge har fått nye verkemidler for å kunne ta vare på natur også utanfor verneområda. Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim har uttalt at:

”Dette er den viktigste loven om natur som noen gang er lagt fram i Norge. Loven vil gjelde både på land og i sjø. Vi får en svært moderne lov som gir oss muligheten til å stanse tapet av naturmangfoldet slik vi har lovt både nasjonalt og internasjonalt”.

Kommunane vil peika på at tilleggsutgreingane viser oss at det finst mange raudlista fuglearter i område kraftleidningen er planlagt. Ein av desse artane er den sterkt trua hubroen, den hekkar i nærleiken av omsøkte trasear både i Øygarden og i Radøy. Kollisjonar med kraftlinjer er truleg den viktigaste dødsårsaka for hubroen i Norge (DN 2009). Potensiale for konflikt her er og stor når det gjeld fuglar som t.d. åkerrikse, storspove, havørn og hønsheauk. Norge har gjennom FN-konvensjon og internasjonalt forplikta seg til å stoppa tapet av biologisk mangfald innan 2010. Tilleggsutgreingane til BKK får lite fram slike moment.

5.2. Gasskraftverket på Mongstad og rensing av CO2

Det er eit uttalt nasjonalt mål å få lagra og rensa CO2 gassen frå gasskraftverket (energiverket) til Statoil Mongstad. Store midlar er løyvd og vert brukt der til forskning og utvikling av lagring og rensing av CO2. Mykje av årsaka til at dette gasskraftverket fekk byggjeløyve og konsesjon var kravet om rensing/lagring av CO2. Gassen til gasskraftverket hit kjem frå Kollsnes i ein gassleidning på sjøbotn, straumen kan då sjølvsagt gå i same trase tilbake som sjøkabel. Det er og naturleg at eit slikt miljøtiltak som sjøkabel vert sett i samanheng med miljøtiltaket/månelandinga som rensing/lagring av CO2 er. Viss CO2 rensanlegget på Mongstad og fangst av CO2 ikkje vert realisert, eller gjennomført innan ein rimeleg tidshorison, så føler me at kommunane våre er vorte ført bak lyset her. Me veit og at omsøkte tiltak truleg vert meir og meir lønsam på sikt avhengig av ulike faktorar vert realisert eller ikkje, innan olje- og gassindustrien. Det gjer at sjøkabelalternativet og lønsemda her må utgreiast nærare.

5.3. Tidlegare fellesuttale vedr. søknad og konsekvensutgreiing

Kommunane viser elles til vår tidlegare fellesuttale vedr. søknad og konsekvensutgreiing frå våren 2008. Kommunane ber som då difor NVE om at det ikkje vert gjeve konsesjon til landdelen av BKK sin søknad om å byggja kraftleidningar over det sårbare kystlandskapet vårt. Me forventar at NVE gjer ei konkret vurdering av sjøkabelalternativet i god tråd med Stortinget sin overordna arealpolitikk, energilova, Den europeiske landskapskonvensjonen og Naturmangfaldslova.

6. Landets styrke som kunnskapsland innan kabelteknologi.

Norge er verdsleiande innan sjøkabelteknologi og dette kan utnyttast også i dette prosjektet. Kommunane kjenner til at det for tida er rikeleg kapasitet hjå kabelskip. Det norske kabelproduksjonsmiljøet må vidareutviklast, dei er leiande i verda.

7. Oppsummert:

Kommunane opprettheld kravet om kabling for nettkapasitet Mongstad - Kollsnes, dersom det er behov for denne nye kapasiteten. Kommunane og folket i Nordhordland har berre stilt dette eine kravet. Kommunane står fast ved at både opphavleg søknad og endrings søknad frå BKK Nett AS, datert 30.11.2010 vert avvist.

Kommunane krev at NVE pålegg BKK om å søkja sjøkabel for nettkapasitet Mongstad - Kollsnes, subsidiert kombinasjonen sjø- og jordkabel.

Kommunane ber NVE å sjå på tolkinga i lovverket sitt og energilova om det ikkje er naturleg at søkjar om konsesjon på denne traseen skal vera Statoil og ikkje BKK. Me viser her til Gjøa-feltet m.m. og konsesjonen til sjøkabel som Statoil fekk frå gasskraftverket på Mongstad, som og skal forsyne Kollsnes og Troll-anlegget med straum.

Kommunane krev ei grundigare vurdering av kva som er samfunnsøkonomisk lønsamt. Dette sett i samanheng med korleis olje- og gasseindustrien framover vil gjera seg nytte av den omsøkte linja og den framtidige omlegginga til 420 kV.

Kommunane krev at NVE ser framdrifta i prosjektet i samband med Norge sine internasjonale klimaforpliktingar og nasjonale klimavedtak.

Kommunane krev at NVE undersøker om søknad er i strid med naturmangfaldlova. Dette sett i samanheng med at det sterkt trua hubroen har kraftilinjer som sin viktigaste dødsårsak.

Kommunane ber NVE konsekvensutgreia trasear med omsyn til strålingsfare m.m. i samband med å byggje anlegget for 420 kV spenning, for å førebu ei framtidig omlegging til 420 kV.

Me viser elles til kommunane sine separate høyringsuttalar.

UTTALE frå Lindås kommune

Tilleggsutgreiingane

BKK vart pålagt å utgreie justering av traseen mellom Hope og Risa. Dei har komme fram til at dei vil trekke traseen lenger sør, meir om dette i neste avsnitt om endringssøknaden. BKK skulle også vurdere endring av ilandføringspunktet på Tyttebærneset. Her har både grunneigar og kommunen bede om at sjøkabelen vert forlenga for å unngå det landskapsmessig sårbare ilandføringspunktet på Tyttebærneset. BKK funne denne løysinga for kostnadskevjannde til å forsvare miljøgevinsten. Det er gjort visualiseringar for delar av traseane, desse er lagt ved for områda som gjeld Lindås.

Endringssøknaden

Det vert søkt om tillegg av to trasealternativ som vedkjem Lindås kommune. Desse vert prioritert framfor alternativa som er søkt om tidlegare.

Alternativ 3 a og 3.1.2a. Endringa gjeld ei flytting av traseen lenger sør over Bakka i Austrheim og Keilen i Lindås. Denne traseen vil komme om lag 200 m frå bustader i Keilegavlen, og i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er det foreslått eit område for spreidd fritidsbustad om lag 200 m frå traseen. Kryssing av Hopssundet vil komme litt lenger sør.

Alternativ 1.3. Endringa gjeld ei flytting av traseen lenger sør mellom Hope og Risa. Traseen går no meir vinkelrett inn på land frå Tyttebærneset, over myra til Hellestveit og opp på ryggen mot Hellestveitnovi. Her er terrenget skogkledd og BKK meiner dette vil ha ein kamuflerande verknad. Ein del av det aktuelle området er lagt ut til framtidig næringsområde i forslaget til kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, og traseen kryssar ein trase for teknisk infrastruktur (vassforsyning til Mongstad).

Det vert søkt om å endre spenningsnivået frå 300 kV til 420 kV. Grunnen til dette er at NVE har bede BKK om å utgreie dette for å førebu ei framtidig omlegging til 420 kV. Dette skal ikkje føre til endringar av mastestorleik og auke i magnetfelt.

Vurdering:

Lindås viser til sin tidlegare uttale til konsesjonssøknaden, og står fast på det som kjem fram der. Vi viser også til felles uttale frå alle kommunane til tilleggsutgreiingane og endringssøknaden, der det vert halde fast på at sjøkabel heile vegen er den einaste akseptable løysinga for kraftleidning Mongstad - Kollsnes.

Lindås vil likevel kommentere dei omsøkte endringane.

Alternativet som går lenger sør over Keilen vil ha meir negative konsekvensar for eksisterande busetnad og planlagt arealbruk enn det alternativet som først var omsøkt. Ei kraftleidning over Bakka

og Keilen og kryssing av sunnda i mellom, vil i alle høve ha svært negativ verknad for det låge kystlandskapet her.

Når det gjeld endringa mellom Hope og Risa, må vi framleis peike på at Tyttebærneset er visuelt sårbart og kommunen ønskjer ikkje ilandføring av kraftleidningen her. I kommunedelplanarbeidet er det utført arealanalyse og dette området har fått høg verdi med omsyn til landskap og friluftsliv. Arealet som ligg bak høgdedraget mot Risasjøen og bort til riksvegen er sett av til framtidig næringsområde i forslaget til kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. På andre sida av riksvegen går traseen opp på åsen nord for Hellestveitnovi. I dalsøkket nedanfor er det sett av areal til næringsområde, og ny vegframføring gjennom Litlåsåsen til Mongstad.

Kraftleidningen som går opp på åsen vil delvis verte kamuflert av skog, men dersom skogen forsvinn vil denne traseen verte svært eksponert, det er difor uheldig å leggje traseen opp på åsen. Det ville vere eit betre alternativ å leggje traseen nede i dalføret. Ettersom det er planlagt ein ny veg gjennom området, burde traseen for kraftleidningen leggjast i den nye vegtraseen, slik at kraftleidningen eventuelt kunne leggjast i kabel i vegen.

BKK burde vurdere sin endringssøknad opp mot forslaget til kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad som no er på høyring.

Det vert på nytt søkt om løyve til oreigning og førehandstiltreding. Lindås kommune held fast på at dette ikkje vert gitt.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune krev at kraftleidning frå Mongstad til Kollsnes vert lagt i sjøkabel heile vegen. Kommunen viser til felles uttale frå dei fire kommunane og sluttar seg til denne. I tillegg til det som kjem fram i fellesuttalen har Lindås kommune følgjande merknader:

1. BKK og NVE må sjå endringssøknaden i lys av forslag til kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad som er på høyring.
2. Endringa over Keilen vil kome nærare eksisterande busetnad og planlagt utbygging, og er difor negativ for Lindås kommune.
3. Endringa mellom Hope og Risa må tilpassast arealbruken i forslag til kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Traseen må trekkjast ned frå åsen og leggjast i traseen for ny veg gjennom Litlåsåsen til Mongstad.
4. Lindås kommune vil som grunneigar motsetje seg ei løysing med førehandstiltreding og oreigning.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 24.02.2010

Framlegg frå S.Hauge-Ap:

Plan- og miljøutvalet tilslutter seg rådmannen sitt framlegg og sender saka over til formannskapet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Uttale i Plan- og miljøutvalet - 24.02.2010

Plan- og miljøutvalet tilslutter seg rådmannen sitt framlegg og sender saka over til formannskapet.

Handsaming i Formannskapet - 25.02.2010

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 25.02.2010

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke.